

BankID-svindel i nære relasjoner

Spørsmålet om avtalebinding i lys av det menneskerettslege vernet mot økonomisk vald.

Kandidatnummer: 686

Leveringsfrist: 25.11.2020

Antall ord: 17438



Innholdsliste

1	INNLEIING	1
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2	Problemstilling.....	2
1.3	Avgrensingar.....	2
1.4	Organisering av oppgåva.....	3
1.5	Metode og rettskjeldebilete.....	3
2	KVA SLAGS MENNESKERETTSLEGE SPØRSMÅL REISER SEG I SAKER OM BANKID-SVINDEL I NÆRE RELASJONAR?	5
2.1	Innleiing.....	5
2.2	Omgrepet «økonomisk vald».....	6
2.2.1	Mogelege definisjonar av «økonomisk vald».....	7
2.2.2	Korleis er vernet mot økonomisk vald regulert gjennom menneskerettane?.....	9
2.3	Staten si positive forplikting.....	12
2.3.1	Kort om regulering av statsforpliktingane.....	12
2.3.2	Kva gjer Noreg for å respektere, beskytte og oppfylle retten til vern mot økonomisk vold?.....	14
3	ER LÅNEAVTALEN BINDANDE FOR OFFERET FOR BANKID-SVINDEL?	16
3.1	Innleiing.....	16
3.2	Eksempelsak.....	17
3.3	Manglar ved avtaleinngåinga.....	19
3.4	Ugyldigheitsgrunnen falsk.....	20
3.4.1	Gjeldande rett.....	20
3.4.2	Vurdering av eksempelsaka.....	27
3.5	Ugyldigheitsgrunnen tvang.....	28
3.5.1	Innleiing.....	28
3.5.2	Er avtalen inngått under tvang, jf. avtalelova § 28 første ledd?.....	29
3.5.3	Kan tvangen gjerast gjeldande som ugyldigheitsgrunn overfor banken, jf. avtalelova § 28 andre ledd?.....	34
4	AVSLUTTANDE RETTSPOLITISK VURDERING	44
	LITTERATURLISTE	46

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Ved innføringa av BankID som elektronisk signatur ved låneopptak, har det blitt lettare å ta opp usikra forbruksgjeld i Noreg. Søkeprosessane er gjort enklare ved at ein kan sende elektronisk søknad og det ikkje lenger er eit krav om at ein må møte opp fysisk i banken for å få lån. Dette medfører eit gode for samfunnet, ved at det er lett å få tilgang til kreditt for dei som ynskjer det. Samtidig er det også eit gode for bankane, som tener pengar på å låne ut og sparer kostnader på enklare saksgang når den er elektronisk. Ei negativ side er det likevel at den forenkla søkeprosessen òg medfører at det har blitt lettare å få kreditt i nokon andre sitt namn, såframt ein har tilgang til deira BankID og passord.

Eg vart merksam på BankID-svindel som tema då eg jobba som sakshandsamar i Juridisk rådgiving for kvinner (JURK) i arbeidsgruppa for mellom anna vald, gjeld og inndrivning av pengekrav. Der hadde vi ei stadig aukande mengde saker som gjaldt misbruk av BankID. Det som var spesielt for dei sakene som vi fekk inn av denne typen var at den som hadde misbrukt klienten sin BankID som regel var ein person som ho hadde ein romantisk eller nær relasjon til, enten i form av ein date, kjæraste, sambuar, noverande eller tidlegare ektefelle eller eit familiemedlem. Gjennom arbeidet med desse sakene vart eg vitne til at kvinnene i realiteten mista kontrollen over sin eigen økonomiske situasjon ved at dei vart haldne enten avtalerettsleg eller erstatningsrettsleg ansvarlege for store beløp som dei ikkje hadde ynskt å låne. Misbruket kunne skje enten ved at gjerningspersonen lurte til seg BankID-en og passordet, ved tvang eller ved eit samspel av desse.

I arbeidet med desse sakene oppdaga vi fort at dette er eit område der reglane er vanskeleg tilgjengelege. Grunnen til dette, er at ikkje all BankID-svindel blir handsama på same måte. Dersom misbruket har ført til ein «uautorisert betalingstransaksjon»¹ er banken som utgangspunkt ansvarleg for tapet, og ein må vurdere om offeret likevel er ansvarleg for heile eller deler av beløpet på grunn av aktløyse. Uautoriserte betalingstransaksjonar kan for eksempel vere bruk av kredittkort utan løyve.² Låneopptak, derimot, fell utanfor vernet i finansavtalelova, ettersom det ikkje er ein «betalingstransaksjon». I desse tilfella må ein først gjere ei avta-

¹ Jf. finansavtalelova § 35

² BKN-2002-13

lerettsleg vurdering av om avtalen kan vere ugyldig, for eksempel på grunn av falsk eller tvang. Kva slags vurdering som skal gjerast vil vere forskjellig avhengig av kva slags ugyldighetsgrunn som heftar ved avtalen. Kombinasjonen av vanskeleg tilgjengelege rettsreglar og det ofte avgrensa høvet for offera til å betale for advokathjelp er eit rettstryggleiksproblem.

1.2 Problemstilling

Med denne oppgåva ynskjer eg for det fyrste å finne ut kva slags menneskerettslege spørsmål som reiser seg i saker om BankID-svindel i nære relasjonar. Her vil eg ta utgangspunkt i moglege definisjonar av omgrepet «økonomisk vald» og deretter vise til den menneskerettslege forankringa, staten sine positive forpliktingar og sjå nærare på det arbeidet som Noreg gjer for å oppfylle ein rett til vern mot denne typen vald.

Vidare vil eg drøfte om låneavtalen er bindande for offeret for BankID-svindel. På denne måten vil eg forsøke å finne ut kva slags rettslege spørsmål kvinner som er utsett for BankID-svindel i nære relasjonar står overfor i prosessen med å fri seg frå ansvar for eit låneopptak. Dette vil mellom anna bli eit spørsmål om kva som skal til for at avtalen skal vere ugyldig som følgje av falsk eller tvang.

1.3 Avgrensingar

Temaet BankID-svindel gir rom for å drøfte ei rekke problemstillingar. Av omsyn til ramme- ne for oppgåva har eg valgt å konsentrere meg om spørsmålet om avtalebinding når det gjeld lånopptak ved BankID-svindel i nære relasjonar. Eg er særleg interessert i spørsmålet om avtalebinding ettersom det finst lite rettspraksis på området. Dette kan tyde på at spørsmålet i lita grad blir gitt ei rettsleg handsaming, som igjen kan innebere at kvinner godtek nedbetalingsavtalar framfor å bli saksøkt av ressurssterke bankar som vil drive inn kravet. Der det er særleg relevant, vil eg likevel kommentere spørsmålet om erstatningsansvar. Dette vil vere tilfelle ved ugyldighetsgrunnen falsk.

At avtalebinding er hovudfokuset for oppgåva inneber ei avgrensing mot reglane i finansavtalelova, som i dag regulerer erstatningsansvaret ved «uautoriserte betalingstransaksjonar».³ Det er foreslått i ny finansavtalelov at låneopptak skal dekkast av det same vernet, noko som vil kunne medføre ei avgrensing av det økonomiske ansvaret for offeret for svindelen. Eg vil av den grunn ikkje gå inn i alle dei ulike problemstillingane som den nye finansavtalelova kan tenkjast å reise, men har knytt enkelte kommentarar til lovforslaget der det er særleg relevant.

1.4 Organisering av oppgåva

Denne oppgåva er organisert på følgande måte: I den fyrste delen vil eg undersøke kva slags menneskerettslege spørsmål som reiser seg i saker om BankID-svindel i nære relasjonar.

I den andre delen vil eg vil bruke BankID-svindel i nære relasjonar som eit eksempel og vurdere når eit offeret er bunde av ein låneavtale. Dette vil eg gjere ved å undersøke dei to mest nærliggande ugyldigheitsgrunnane, falsk og tvang. Eg vil også knyte enkelte merknader til spørsmålet om erstatningsansvar der det er særleg relevant. Undervegs vil eg forsøke å trekke på moment frå dei menneskerettslege kjeldene som kunne tilseie at dei reint avtalerettslege reglane må tolkast på ein mildare måte for offeret for svindelen.

I den siste delen vil eg gi ei rettspolitisk vurdering der eg presenterer funna mine i oppgåva og peiker på enkelte endringar som bør gjerast for å oppfylle det menneskerettslege vernet mot økonomisk vald i større grad enn ein gjer i dag. I denne vurderinga vil eg gå ut over det reint avtalerettslege og også fange opp tilgrensande spørsmål som har relevans.

1.5 Metode og rettskjeldebilete

I oppgåva gjer eg bruk av kvinnerettsleg metode. Dette inneber at eg fokuserer på situasjonen som kvinner som er utsett for BankID-svindel i nær relasjonar står i. Ein slik framgangsmåte er i tråd med Tove Stang Dahl sin arbeidsmetode, der ho undersøkte kvinners faktisk levde liv

³ Føresegna er riktignok nytta i nokre dommar som gjaødt låneopptak, men då på eit usikkert grunnlag og utan å ha vore problematisert, sjå for eksempel LB-2018-192525. Eg går ikkje nærare inn på dette.

for å betre deira stilling i retten og i samfunnet.⁴ Med dette som ramme nyttar eg rettsdogmatisk metode for å fastleggje gjeldande rett for spørsmålet om avtalebinding der eit lån er teke opp ved bruk av BankID.

Eg tek utgangspunkt i ei eksempelsak laga i samarbeid med Juridisk rådgiving for kvinner. Formålet med eksempelsaka er å kaste lys over den faktiske situasjonen som kvinner står i, for på den måten å kunne bidra til kunnskap om kva krav dei blir møtt med og til kva endringar av rettstilstanden som kan vere naudsynte. JURK gir gratis juridisk rådgiving til alle som definerer seg som kvinner. Dei har jobba med gjelds- og valdsproblematikk i ei årrekke, og har god innsikt i kva slags spørsmål kvinner særleg treng hjelp med. Å bruke eit faktum som er basert på kombinasjonen av erfaring med mange enkeltsaker kan seie noko om kva slags verknad reglane har for kvinner i det verkelege livet, og samtidig bidra til å oppfylle menneskerettane og sørge kunnskap slik at ein kan utvikle betre og meir treffande reglar.⁵

Ei metodisk utfordring eg har støtt på i arbeidet med masteroppgåva er mangelen på autoritative rettskjelder. Dette gjeld både for spørsmålet om vern mot «økonomisk vald» og i fleire av spørsmåla knytt til den meir konkrete reguleringa av BankID-svindel ved låneopptak. I kapittel 3 nyttar eg underrettspraksis som kjelde. Denne vil ikkje ha stor rettskjeldemessig vekt, men det er viktige kjelder for å vurdere korleis vernet for kvinner i desse sakene vert handsama i praksis.

Omgrepet «økonomisk vald» er eit nytt og lite utvikla omgrep, og det finst ingen definisjon av kva som utgjer økonomisk vald i dei menneskerettslege instrumenta. Eg har derfor valgt å ta utgangspunkt i definisjonane som blir brukt av JURK og Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) for å kaste lys over innhaldet. Eg vil òg kome med tilleggsmoment som eg meiner er viktige for at omgrepet også skal fange opp kvinner som er utsett for BankID-svindel i nære relasjonar. Ettersom eg avgrensar oppgåva til økonomisk vald i «nære relasjonar», kjem eg ikkje til å kommentere eller drøfte kvar grensa mellom vanleg vinningskriminalitet og økonomisk vald går.

Spørsmålet om regulering av BankID-svindel er todelt ut frå dei mogelege ugyldigheitsgrunnane som heftar ved låneavtalen. For situasjonane der låneavtalen er inngått ved falsk, er det i all hovudsak spørsmålet om erstatning som blir sett på spissen. Her er det ei utfordring at ei ny finansavtalelov er under utarbeiding, og det dermed knyter seg usikkerheiter til korleis den

⁴ Dahl (1985) s. 21. Sjå også Hellum 1998 s. 48

⁵ Fredwall (2019) s. 67-68 om grunnar for å bruke empiri i forskning. Sjå også Hellum (1997/1998)

endelege regelen vil vere. Enn så lengje fell låneavtalar utanfor finansavtalelelova og må løysast etter det ulovfesta aktløyseansvaret. I oktober i år avsa Høgsterett ein dom som vil vere sentral i vurderinga.⁶ Misbruket i den saka gjaldt ikkje BankID-svindel i nære relasjonar. Dette er ei problemstilling som heller ikkje i særleg grad har blitt fanga opp i den juridiske litteraturen på området.

Der BankID-svindelen er skjedd ved tvang er det spørsmålet om avtalebinding er aktuelt. Som tidlegar nemnt er det lite rettspraksis på området, og det gjer det utfordrande å finne konkrete haldepunkt for kva som skal til for at enkelte av vilkåra skal vere oppfylt. Det er ingen dommar frå Høgsterett som tek for seg tvang som ugyldigheitsgrunn. For dei vilkåra det gjeld har eg valgt å trekke fram moglege argument som talar i kvinnene som er utsett for tvangen sin favør.

2 Kva slags menneskerettslege spørsmål reiser seg i saker om BankID-svindel i nære relasjonar?

2.1 Innleiing

I dette kapittelet skal eg undersøke korleis vern mot økonomisk vald er menneskerettsleg regulert og kva slags menneskerettslege spørsmål som reiser seg i saker om BankID-svindel i nære relasjonar. Eg vil undersøke om kjeldene gir grunnlag for å trekke sårbarheitsperspektiv inn i dei aktsemjevurderingane ein gjer for banken i spørsmåla om avtalebinding og erstatning. Vidare vil eg også sjå om dei menneskerettslege perspektiva kan trekkast inn til fordel for kvinner som er utsett for tvang. Kvinnene i denne situasjonen blir ikkje nødvendigvis redda frå avtalebinding ved eit strengt krav til banken si aktsemje, ettersom misbruket kan kome til å skje sjølv om banken har vore så aktsam som ein kan forvente. I desse tilfella må kvinna reklamere innan ein kort frist, noko som vil kunne vere eit hinder for at ho får sine rettigheter oppfylt. Eg vil undersøke om kjeldene gir argument til støtte for at ein må legge til rette for ein sakshandsamingsprosess for desse sakene der ein unngår den store belastninga på offeret.

Det er særleg Konvensjonen om avskaffing av alle former for diskriminering av kvinner (CEDAW) eg skal sjå nærare på i dette kapittelet. Eg kjem også til å knyte nokre merknader til Europarådet sin konvensjonen om førebygging og kamp mot vald i nære relasjonar (Istan-

⁶ HR-2020-2021-A

bulkonvensjonen). Også andre konvensjonar, slik som mellom anna Den europeiske menneskerettskonvensjonen og Konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter, kan tenkjast å kunne vere relevante i samband med BankID-svindel. Hovudfokuset vil likevel ligge på CEDAW, med dei generelle kommentarane knytt til denne, og Istanbulkonvensjonen, fordi dei har det tydelegaste fokuset på vald i nære relasjonar. Det at vernet mot vald mot kvinner er best utmeisla og utvikla i desse konvensjonane er grunnen til at eg veljer ut desse for ei nærmare analyse.⁷ Eg føreset at dei andre relevante konvensjonane vil vere i samsvar med konvensjonane eg nyttar i denne oppgåva.

I det følgjande skal eg introdusere omgrepet «økonomisk vald» og korleis det kan forankrast i dei menneskerettslege kjeldene (pkt. 2.2) og undersøke staten si positive forplikting (pkt. 2.3). Dette vil fungere som eit utgangspunkt for den vidare analysen av meir konkrete avtalerettslege spørsmål i kapittel 3 og den avsluttande rettspolitiske vurderinga i kapittel 4.

2.2 Omgrepet «økonomisk vald»

Sjølv omgrepet «økonomisk vald» er eit nytt og lite utvikla omgrep. Det er framleis ingen rettslege kjelder som seier noko om kva som ligg i «økonomisk vald», og det har i lita grad vore merksemd knytt til at det å gjere inngrep i nokon sin økonomi er ei form for vald. Dette gjeld både i samfunnet generelt og i retten. Større merksemd rundt koplinga mellom vald og økonomi er viktig for å få på plass reglar som både motverkar at økonomisk vald skjer og for å avhjelpe konsekvensane av den for den enkelte. Vidare vil auka merksemd vere med og sørge for at oppfølginga i hjelpeapparatet kan skje på best mogeleg måte, slik at offer for denne typen vald får oppfylt sine rettigheter. Ei utvikling av omgrepet «økonomisk vald» vil bidra til dette.

I dette delkapittelet skal eg vise mogelege tolkingar av kva som ligg i omgrepet «økonomisk vald» (pkt. 2.2.1). Det er enno ikkje utpensla nokon klar definisjon av omgrepet på menneskerettsleg nivå, og eg vil derfor sjå hen til nasjonale kjelder som seier noko om omgrepet som eit nyttig utgangspunkt. Eg har sett på definisjonane som JURK og Bufdir brukar, og samanliknar desse før eg kjem med merknadar om korleis eg tenkjer omgrepet burde definerast. Vidare vil eg vise korleis eit vern mot denne typen vald kan utleiast av menneskerettslege

⁷ Sjå mellom anna Blaker Strand (2012) s. 75, Fredwall (2020) og Wærstad (2017) for liknande argumentasjon knytt til utvelging av menneskerettslege konvensjonar for analyse.

instrument, og då særleg vise til relevante merknadar frå kvinnekomiteen sine generelle kommentarar der ein også kan utleie argument for tolkinga av omgrepet (pkt. 2.2.2).

2.2.1 Mogelege definisjonar av «økonomisk vald»

Juridisk rådgiving for kvinner definerer økonomisk vald på følgande måte:

«Den som utøver økonomisk vold, har kontroll over andres økonomi. Det er økonomisk vold når noen handler slik at en person forhindres fra å råde over egen økonomi. Vedkommende kan for eksempel nektes adgang til sin egen eller en felles bankkonto, eller forhindres i å ha en inntekt og dermed presses til å måtte be om penger. Økonomisk vold omfatter også at en person tvinges til å skrive under på lån som gjør at vedkommende risikerer å få stor gjeld, eller at en person tar opp lån i en annen persons navn. Konsekvensen er ofte økonomisk underdanighet og avhengighet.»⁸

Ein slik definisjon av økonomisk vald er nyttig fordi den viser kontrollaspektet i denne typen vald. Med ein slik definisjon vil både det at gjerningspersonen brukar offeret sine pengar, og også det grepet som vedkomande vil kunne få over offeret mellom anna ved å påføre henne omfattande gjeld, vere omfatta av omgrepet økonomisk vald. På denne måten får ein fram at eit vern mot økonomisk vald er viktig for å fremme likestilling og unngå at kvinner blir sett i ein underdanig og avhengig posisjon på grunn av manglande kontroll over eigne midlar.

I saker om BankID-svindel i nære relasjonar vil det med ein slik definisjon dreie seg om økonomisk vald både dersom låneopptaket er gjort ved falsk, altså at offeret ikkje var klar over låneopptaket, og der låneopptaket er gjort ved tvang. Økonomisk vald blir på denne måten eit sjølvstendig omgrep, ved at berre det at ein gjer inngrep i ein annan sin økonomi er vald. Det er ikkje naudsynt at inngrepet er gjort i kombinasjon med andre typar vald.

Bufdir nyttar også omgrepet «økonomisk vald» og definerer det på følgande måte:

«Økonomiske overgrep er når noen tar eller bruker en annen persons penger, eiendeler eller ressurser uten å ha rett eller lov til det.»⁹

Denne definisjonen er også god, fordi den viser at økonomisk vald er ein sjølvstendig type vald, uavhengig av dei andre typane vald i nære relasjonar. Saker om BankID-svindel som går

⁸ JURK (2020) s.4

⁹ Bufdir (2020) a

ut på låneopptak vil det vere noko anstrengt å få til å passe inn under ein definisjon av økonomisk vald som å ta eller bruke «en annen persons penger [mv.]». Det framgår likevel at også økonomisk vald i form av urettmessig låneopptak er meint å vere omfatta, ettersom det etter definisjonen av kva økonomisk vald er for noko blir lista opp ei lang rekke eksempel

«Eksempler på økonomiske overgrep: Tyveri av penger, verdisaker og eiendeler, Tømming av kjøleskap eller medisinskap, Å dele ut andres midler som «gaver», Utpressing og stadige lån, Bedrageri, Internettsvindel, Kjøp eller salg av ting til en altfor høy eller lav pris, Å forhindre at noen får sin rettmessige del av arv, Urettmessig salg av eiendeler eller eiendom, Å tvinge noen til å kausjonere eller pantsette eiendom, Salg av noens eiendom uten at eieren er enig eller får pengene fra salget, Salg av felles eiendom uten at den andre er enig eller får sin del av salget, Å bli hindret i å velge bo- og livssituasjon, fordi andre har gjort seg økonomisk avhengig gjennom for eksempel leieinntekter eller omsorgsløn.»¹⁰

Ein kan tenkje seg at sakene om BankID-svindel i nære relasjonar er omfatta av enten «utpressing og stadige lån», «bedrageri» eller den generelle kategorien «internettsvindel». At det er økonomisk vald dersom nokon tek opp lån i nokon andre sitt namn utan rettsleg grunnlag for det kjem mindre tydeleg fram med denne definisjonen. Oppramsinga har likevel andre fordelar for utviklinga av omgrepet «økonomisk vald» generelt som bør vege opp for dette.

Det som er ein fordel med denne definisjonen, samanlikna med JURK sin definisjon, er at ein gir mange eksempel på kva som kan vere «økonomisk vald». Her får ein konkretisert kva ein meiner når ein brukar omgrepet. Det er nyttig sidan få kjenner omgrepet og har assosiasjonar til det frå før. Folk i hjelpeapparatet og andre vil då på ein enkel måte kunne setje seg inn i kva slags situasjonar som kan vere «økonomisk vald». Dette kan bidra til å gjere omgrepet meir kjent. Her er det ikkje snakk om lovtekst, og betydninga av å få vist mange eksempel på kva som vil falle innanfor omgrepet vil då vere større enn betydninga av at enkelte kategoriar av økonomisk vald ikkje blir nemnt spesifikt. Det bør likevel kome fram av definisjonen at også andre typetilfelle enn dei som er ramsa opp som vil kunne falle innanfor omgrepet «økonomisk vald».

Gjennomgangen viser at Bufdir nyttar ein forholdsvis god definisjon av omgrepet «økonomisk vald», men at saker der det er gjort låneopptak ved BankID-svindel i nære relasjonar strengt tatt ikkje fell innanfor den generelle definisjonen som blir gjort. Ein kan derfor tilføye for eksempel «Økonomiske overgrep er når noen tar eller bruker en annen persons penger,

¹⁰ Bufdir (2020) a

eiendeler eller ressurser [eller tar opp gjeld i deres navn] uten å ha rett eller lov til det.». Med ein slik definisjon vil det kome tydeleg fram at også opptak av urettmessig kreditt, også i nære relasjonar, vil vere økonomisk vald.

2.2.2 Korleis er vernet mot økonomisk vald regulert gjennom menneskerettane?

For å svare på dette vil eg først sjå på reguleringa av det generelle vernet mot vald i CEDAW, som er ratifisert av Noreg og gjort til norsk rett med forrang for anna lovgiving gjennom menneskerettslova §§ 3, jf. 2. Tolkinga av konvensjonen må gjerast i tråd med folkerettsleg metode for traktattolking, jf. Wienkonvensjonen art 31 og 32, som ikkje er ratifisert av Noreg men er rekna for å vere folkerettsleg sedvanerett. Generelle kommentarar knytt til CEDAW er ikkje bindande for Noreg, men er såkall «soft law». I praksis vil dei likevel bli tillagt vekt som kjelder ved tolkinga av konvensjonen. At tilrådingar frå komiteen bør ha ei viss vekt kan utleias av at Komiteen er etablert som eit organ som skal overvåke progresjonen konvensjonsstatane har med gjennomføringa av rettighetene. Kva vekt tilrådinga skal ha, vil likevel avhenge av mellom anna kor klar den er.¹¹

At ein har eit vern mot vald kan ikkje lesast ut av sjølve konvensjonsteksten i CEDAW, men konvensjonens regulering og definisjon av vernet mot diskriminering er rekna for å også innebere eit vern mot vald for kvinner , jf. artikkel 1:

«For the purposes of the present Convention, the term «discrimination against women» shall mean any distinction, exclusion or restriction made on the basis of sex which has the effect or purpose of impairing or nullifying the recognition, enjoyment or exercise by women, irrespective of their marital status, on a basis of equality of men and women, of human rights and fundamental freedoms in the political, economic, social, cultural, civil or any other field»

I General recommendation nr. 19 on violence against women knyter CEDAW sin kvinnekomité vernet mot vald opp mot diskrimineringsvernet. I anbefalinga heiter det:

«The Convention in article 1 defines discrimination against women. The definition of discrimination includes gender-based violence, that is, violence that is directed against a woman because she is a woman or that affects women disproportionately. It includes acts that inflict physical, mental or sexual harm or suffering, threats of such acts, coercion and other depri-

¹¹ Sjå for eksempel Blaker Strand (2012) s.84-85, Wærstad (2017) og Høgberg (2019) s.443

vations of liberty. Gender-based violence may breach specific provisions of the Convention, regardless of whether those provisions expressly mention violence»¹²

Kvinnekomiteen grunngir at vald mot kvinner er eit brot på det alminnelege diskrimineringsvernet fordi slik vald påverkar kvinner si mogelegheit for å nyte og utøve ei rekke menneskerettar negativt, jf. artikkel 1. Komiteen slår fast at all kjønnsbasert vald mot kvinner er diskriminering, og at det omfattar ei rekke handlingar. Vernet mot økonomisk vald, som denne oppgåva fokuserer på, er seinare blitt innfortolka som ein del av vernet mot vald i General recommendation nr. 35 on gender-based violence against women, som er ei oppdatering av den tidlegare tilrådinga.

I General recommendation nr. 35 definerer Kvinnekomiteen kjønnsbasert vald på følgande måte:

«Gender-based violence [...] takes multiple forms, including acts or omissions intended or likely to cause or result in death or physical, sexual, psychological or economic harm or suffering to women, threats of such acts, harassment, coercion and arbitrary deprivation of liberty. [...]»¹³

Definisjonen er svært vid, og omfattar mellom anna handlingar og unnlatingar som er meint eller sannsynlegvis vil føre til økonomisk skade for kvinner, samt tvang. Ved at BankID-svindelen blir utført i nære relasjonar og rammar kvinner vil vere innanfor vernet mot kjønnsbasert vald.

Med denne tilrådinga er altså handlingar som fører til økonomisk skade for kvinner, eksplisitt tolka inn som ein del av valdsomgrepet i konvensjonen, som noko som vil bryte diskrimineringsvernet etter konvensjonen.

Vidare peikar tilrådinga på at diskriminering er uløyseleg knytt til andre faktorar i liva til kvinner, noko som kan inkludere for eksempel etnisitet, sosioøkonomisk status, språk mv. Komiteen viser til at diskriminering kan påverke kvinner i ulik grad og på ulike måtar, og at dette betyr at ein må bruke tilpassa rettslege og politiske verkemiddel som svar på dette.¹⁴ I saker om BankID-svindel inneber det at staten vil ha eit særleg ansvar for å ivareta dei med særlege sårbarheiter, slik at også desse får oppfylt sin rett til ikkje å bli utsett for vald.¹⁵

¹² Gen.rec.nr.19 pkt.1

¹³ Gen.rec.nr.35 pkt.14

¹⁴ Ibid. pkt.12

¹⁵ Nielsen (2012) s. 57, Wærstad (2017) «interseksjonalitet»

Eit tilleggspoeng som blir framheva er at vald mot kvinner skjer på alle område, også på internett.¹⁶ Saker om BankID-svindel vil altså ikkje falle utanfor vernet fordi låneavtalen blir inngått digitalt.

2.2.2.1 Kva kan ein utleie av Istanbulkonvensjonen?

Istanbulkonvensjonen er gitt av Europarådet og er ratifisert av Noreg. Det er her snakk om regional konvensjon som gir ei spesifikk regulering av vernet mot vald i nære relasjonar. Etter konvensjonsteksten rettar den seg mot vald mot kvinner, men statane er oppfordra til å også la den gjelde for menn. I denne konvensjonen blir økonomisk vald spesifikt nemnt i fleire samanhengar.

I artikkel 3, bokstav a blir økonomisk vald nemnt som ei form for vald mot kvinner

««violence against women» is understood as a violation of human rights and a form of discrimination against women and shall mean all acts of gender-based violence that result in, or are likely to result in, physical, sexual, psychological or economic harm or suffering to women, including threats of such acts, coercion or arbitrary deprivation of liberty

I artikkel 3, bokstav b blir økonomisk vald definer som ei form for vald i nære relasjonar

««domestic violence» shall mean all acts of physical, sexual, psychological or economic violence that occur within the family or domestic unit or between former or current spouses or partners, whether or not the perpetrator shares or has shared the same residence with the victim»

At omgrepet blir teke inn direkte i konvensjonsteksten og spesifisert som ei form for vald i nære relasjonar vil kunne bidra til utvikling av og merksemd rundt omgrepet.

¹⁶ Gen.rec.nr.35 pkt.20

2.3 Staten si positive forplikting.

2.3.1 Kort om regulering av statsforpliktingane

Statsforpliktingane som følger av CEDAW er regulert i art. 2, som inneheld fleire element som bli spesielt sentrale i vernet mot økonomisk vald, og inneber ei plikt for staten til å respektere, beskytte og oppfylle retten til fridom frå økonomisk vald.¹⁷

«Konvensjonspartene fordømmer alle former for kvinnekiskriminering og er enige om å føre en politikk, uten opphold og med alle egnede midler, som tar sikte på å avskaffe alle former for kvinnekiskriminering, og for dette formål forplikter de seg til:

[...] å innføre et rettsvern for kvinners rettigheter på lik linje med menns, og å sikre kvinner effektiv rettsbeskyttelse, via kompetente nasjonale domstoler og andre offentlige institusjoner mot enhver diskriminerende handling.

[...] å treffe alle tiltak som er nødvendige for å hindre at personer, organisasjoner eller foretak diskriminerer kvinner

[...] å treffe alle tiltak som er nødvendige, også i lovs form, for å endre eller oppheve eksisterende lover, forskrifter, sedvane og praksis som innebærer diskriminering av kvinner.»

Rammene for oppgåva gir ikkje rom for ein uttømmmande analyse av staten sine positive forpliktingar knytt til vernet mot økonomisk vald. Eg vil derfor gjere eit utval og berre løfte fram dei merknadane frå Kvinnekomiteen som er mest relevante for saker om BankID-svindel i nære relasjonar.

Eg ser først på General recommendation nr. 35, som er den tilrådinga som mest eksplisitt handlar om statsforpliktinga knytt til kamp mot vald mot kvinner.¹⁸ Her gjentek ein først at vald mot kvinner er diskriminering i strid med konvensjonen, og at artikkel 2 om statsforpliktingar derfor gjeld fullt ut. Så spesifiserer Komiteen at «That is an obligation of an immediate nature; delays cannot be justified on any grounds, including economic, cultural or religious grounds». Så viser komiteen til den fyrste generelle tilrådinga om vald mot kvinner,¹⁹ og påpeikar at staten har ei forplikting både knytt til staten sine egne og private aktørar sine handlingar eller unnlatingar som fører til vald mot kvinner.

¹⁷ Sml. Hellum (2008) s. 71-72

¹⁸ Gen.rec.nr.35 pkt.21

¹⁹ Gen.rec.nr.19

I denne tilrådinga er det nemnt fleire eksempel på konkrete plikter staten har, slik som ei plikt til å lære opp sine egne aktørar,²⁰ eit krav om tilgang på rettsmiddel,²¹ samt at dommarar lærast opp når det gjeld effekten av traumer.²² Ein skal også verne offeret ved å unngå ein dyr, byråkratisk og personleg byrdefull prosess for vedkomande, gi fri rettshjelp mv. Eit anna eksempel på tiltak som blir løfta fram er at ein bør få på plass gode henvisningsmekanismer for effektiv tilgang på hjelp. Det blir også vist til at det for tilgangen på rettighetsinformasjon vil vere ei ekstra sårbarheit dersom ein har manglande kjennskap til nasjonalt språk og rettsvesen,²³ og at staten bør ha eit system for føring av statistikk.²⁴ Alle desse pliktene og tiltaka vil kunne spele ei rolle for å betre rettssituasjonen for offer for BankID-svindel i nære relasjonar.

Vidare fylgjer det av CEDAW art. 15 at konvensjonspartane skal stille menn og kvinner likt i høve lova. Til denne artikkelen er det knytt ei generell tilråding, General recommendation nr. 33 on access to justice. Eg vil knyt nokre kommentarar til denne.

Kvinnekomiteen framhevar her at staten pliktar å lage eit system for fri rettshjelp som er tilgjengeleg og som svarar på behova som kvinner har.²⁵

Vidare pliktar staten å forhindre, etterforske, straffe og gi oppreisning for alle straffbare handlingar som blir gjort mot kvinner:

«Exercise due diligence to prevent, investigate, punish and provide reparation for all crimes committed against women, whether by State or non-State actors;»²⁶

I saker om BankID-svindel kan det tenkjast å vere ein fordel for bevissituasjonen dersom anmeldelse fører til etterforskning. Det vil også vere eit stort behov for juridisk rådgiving for å unngå dei økonomiske konsekvensane av BankID-svindelen.

Som gjennomgangen viser så har staten eit utstrakt ansvar for å verne kvinner mot å bli utsett for vald. Vernet mot økonomisk vald vil også falle innunder dette, men det er i begrensa grad utmeisla kva forpliktingane vil ha å seie i praksis. Som dei materielle spørsmåla som vert teke opp i denne oppgåva vil vise, kan det vere grunn til å rette større merksemd mot at kvinner

²⁰ Gen.rec.35 pkt. 23

²¹ Ibid. pkt. 29 b)

²² Gen.rec.35 pkt. 30 a og b

²³ Ibid. pkt. 31 a, ii og iii

²⁴ Ibid. pkt. 34 a og b

²⁵ Gen.rec.33 pkt. 37

²⁶ Ibid. pkt. 51

vert utsett for økonomisk vald på ulike områder i Noreg i dag. At ein har ei plikt til å aktivt kjempe mot økonomisk vald der det måtte kome opp i saker der myndighetene er involvert, kan tilseie endringar både på regulerings- og handhevingssida.

2.3.2 Kva gjer Noreg for å respektere, beskytte og oppfylle retten til vern mot økonomisk vold?

I denne delen har eg sett på i kva grad Noreg uttalar seg om korleis ein skal kjempe mot økonomisk vald i nære relasjonar. Eg har sett på Noreg sine to seinaste statsrapportar til CEDAW-Komiteen (2010)²⁷ og (2016).²⁸ Koplinga mellom vald i nære relasjonar og økonomiske inngrep er heilt fråverande i desse rapportane.

I statsrapporten frå 2010 framhevar Noreg likevel retten som offer for vald i nære relasjonar har til hjelp:

«Persons subjected to domestic violence are entitled to assistance that covers all needs and aspects of the case.

The Ministry has therefore earmarked funds for a special “prevention package” to strengthen efforts to combat domestic violence in the long and short term»²⁹

Forutsatt at ein anerkjenner at økonomisk vald er ein type vald, skulle dette tilseie at ein hadde rett til hjelp som dekker alle sider ved saka, også dei sivilrettslege.

Norsk sivilsamfunn tok opp temaet i sin skuggerapport til CEDAW-Komiteen (2017) og peikte på at

«Økonomisk vold kan være at partneren nekter kvinnen tilgang til egne midler, det kan være tvang til å undertegne finansielle avtaler, eller det kan være opptak av gjeld i partnerens navn. Økonomisk vold kan både handle om kontroll over partneren, og kan resultere i store og varige gjeldsproblemer. Likevel gjøres det liten innsats mot økonomisk vold.»³⁰

Forslaga til tiltak frå sivilsamfunnet var å gi auka informasjon om økonomisk vald, at særleg minoritetskvinner må få informasjon om sin rett til å eige sitt eige i ektesapet og kva økonomisk vald kan

²⁷ Norway: 8th periodic report (2010)

²⁸ Norway: 9th periodic report (2016)

²⁹ Ibid.

³⁰ Norsk sivilsamfunns skuggerapport til Kvinnekonvensjonen (2017) s. 32

vere og ved anmeldelse av saker om familievald bør det rutinemessig også undersøkast om økonomisk vald har utgjort ein del av det samla valdsbiletet.

Myndighetene har no teke opp temaet ved at det i Statsrapporten tilknytt Istanbulkonvensjonen, som vart levert i september i år, blir vist til at Noreg anerkjenner at økonomisk vald også er ei form for vald. Rapporten seier ikkje noko meir om det nærare innhaldet i omgrepet «økonomisk vald», men viser at temaet er sett på agendaen og er rekna for å reise menneskerettslege spørsmål. I rapporten kjem det fram at

«Norway is using the term violence in close relationships as an umbrella concept referring to physical, psychological, sexual and economical violence against women, men and children committed by a person in the family or someone the victim in other ways are closely related to»³¹

Bufdir har også starta eit arbeid på økonomisk vald gjennom prosjektet «TryggEst». Dette er eit prosjekt som kommuner kan melde seg på, og få tilgang til forslag til organisering av arbeidet mot vald i kommunen og få tilgang til felles verktøy.³² Vidare er økonomisk vald teke inn som eit eige punkt i Bufdir sin rettleiar til Krisesentra.³³ Dette viser at staten er blitt merksam på problemstillinga og jobbar med å skape merksemd hos hjelpeapparatet om den.

Desse tiltaka er gode og vil kunne bidra til å avdekke at økonomisk vald har skjedd. Feltet er likevel langt større enn dette, og det er noko eg ynskjer å belyse. Det er behov for å intensivere innsatsen med tanke på korleis BankID-svindel i nære relasjonar rammar sårbare spesielt. Det er naudsynt å skape større merksemd i hjelpeapparatet, men også elles i samfunnet, hos bankar og i rettsvesenet om denne problemstillinga. Dette i første omgang for at offer for BankID-svindel i nære relasjonar skal få informasjon om innhaldet i dei avtalerettslege og erstatningsrettslege reglane som gjeld for deira situasjon, og dermed bli sett i stand til å ivareta sine interesser i å unngå ansvar for eit lån dei ikkje har teke opp sjølv. Det vil også vere viktig for å få ein betre samanheng mellom det strafferettslege og det sivile kravet i slike saker der offeret har vore utsett for andre former for vald i kombinasjon med den økonomiske. I neste rekke bør meir merksemd om problematikken føre til at ein har større fokus på at prosessen kvinner må gjennom for å få kjent avtalar inngått ved bruk av BankID ugyldige og for

³¹ GREVIO (2020)

³² Bufdir (2020) b

³³ Bufdir (2020) c

å unngå erstatningsansvar er komplisert og bør forenklast. Det skal eg bidra til å sjå nærare på.

3 Er låneavtalen bindande for offeret for BankID-svindel?

3.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg fastlegge gjeldande rett for når ein låneavtale som er inngått ved misbruk av BankID i nære relasjonar blir bindande for offeret. For å kunne svare på dette vil eg sjå nærare på ugyldigheitsgrunnar knytt til avtaleinngåinga (tilblivelsesmanglar). Eg vil konsentrere meg om dei to mest nærliggande ugyldigheitsgrunnane, som er falsk og tvang.

To viktige forskjellar på desse grunnlaga er for det første at offeret for tvang er utsett for truslar som verkar motiverande for låneopptaket og for det andre at offeret for tvang enten er klar over at lånet er teke opp, at BankID-en og passordet er kome på avvege og er forhindra frå å melde frå på grunn av tvang når ho på eit seinare tidspunkt blir klar over låneopptaket. Ved falsk er offeret for BankID-svindelen ikkje utsett for tvang, men er heller ikkje klar over at lånet blir teke opp. Eg vil også sjå på samanhengen mellom desse to grunnlaga, ettersom det kan tenkast at offeret for BankID-svindelen, fordi ho er utsett for handlingar som kvalifiserer til tvang, er forhindra frå å reklamere overfor banken når ho blir klar over eit låneopptak gjort ved falsk elektronisk signatur.

For betre å kunne illustrere kva slags vern gjeldande rett gir til offer for BankID-svindel i nære relasjonar har eg laga ei eksempelsak. Denne er laga i samarbeid med juridisk rådgiving for kvinner, og bygger på det generelle inntrykket eg sit att med etter eit år som sakshandsamar i JURK der eg jobba med saker om BankID-svindel og vald i nære relasjonar og innspel frå dei noverande sakshandsamarane i JURK. Saka er altså ikkje basert på noko enkeltsak, men er ei samanblanding av mange ulike erfaringar med slike saker som JURK har hatt over fleire år. Fagrådgivar Veronika Taran Wiese går god for at dette er ei sak som ein klient kunne ha sendt inn til JURK. Eksempelsaken er også inspirert av saksforholdet i følgjande tingrettsdommar 17-105912MED_FOLL og 17-201534TVI-OTIR/06 som dreier seg om høvevis det strafferettslege ansvaret for vald i nære relasjonar og det sivilrettslege erstatningskravet som banken reiste mot offeret for valden og som føyer seg inn i erfaringane vi har hatt med desse sakene i JURK.

I det følgjande vil eg presentere eksempelsaka, der eg gjer greie for eit typisk forløp i ei sak om BankID-svindel i nære relasjonar (pkt. 3.2). Denne eksempelsaka vil vere styrande for den vidare presentasjonen som eg gjer av rettsreglane. Eg gir først ein kort introduksjon til manglar ved avtaleinngåinga (pkt. 3.3), før eg gjer greie for ugyldigheitsgrunnane falsk (pkt.3.4) og tvang (pkt. 3.5). Under kvart punkt vil eg både vise til korleis reglane er relevante for offer for BankID-svindel i nære relasjonar løpande i teksten og så kome med særskilte merknadar til korleis utfallet kunne blitt for kvart av dei scenarioa som eg skisserer i eksempelsaka.

3.2 Eksempelsak

Ei kvinne, K, er opprinneleg frå Thailand, men bur i Noreg saman med ektemannen som er fødd og oppvaksen i Noreg. Dei har eitt felles born. Ho har budd i Noreg i ein del år, har jobb og vil kunne få permanent opphald dersom ho skulle gå frå mannen sin.³⁴ Ho kan ein god del norsk, men det er mannen som har styringa på økonomien, sidan han kjenner «systemet» best. K har eigen BankID og passord.

Forholdet mellom K og mannen er trøblete fordi han kan være ganske valdeleg mot henne. K har opplevd fleire konkrete episodar der mannen har utsett henne for handlingar som kvalifiserer til kroppskrenkelse og kroppsskade i straffelova §§ 271 og 273 (fysisk vald).³⁵ I tillegg til den fysiske valden har han trua med å utsette henne for meir alvorleg vald enn han har gjort hittil (psykisk vald), og har øydelagt ting i huset når han har vore sint (materiell vald). Trusselen om meir vald «ligg i lufta». Ho veit aldri kva som kan trigge ein ny episode, men dei startar gjerne med bagatellar. Ho lever i eit fryktregime, der ho stadig tilpassar handlingane sine for å unngå at han blir valdeleg.

³⁴ Bakgrunnen for at eg har valgt meg ut denne eksempelklienten er at Juridisk rådgiving for kvinner har eit samarbeid med thaikvinneforeininga, og vil kunne få inn saker frå deira medlem. Eg har valgt ein eksempelklient som vil kunne få permanent opphald i Noreg dersom ho går frå mannen sin for å avgrense mot problemstillinga der kvinna sitt løyve til opphald er avhengig av at ho ikkje går frå mannen sin, jf. utlendingslova § 53. Grunnen til at eg har valgt ein eksempelklient som ikkje er vakse opp i Noreg er for å framheve at mindre grad av kjennskap til norsk språk, bankvesen og rettssystem kan vere ei ekstra sårbarheit for dei som blir utsett for BankID-svindel i nære relasjonar. Juridisk rådgiving for kvinner mottek saker om BankID-svindel frå klientar med alle typar bakgrunnar. Eksempelsaka er ikkje meint å vere representativ for alle desse, men er nettopp eit eksempel på ei kvinne som er blitt utsett for BankID-svindel.

³⁵ Det dreier seg altså ikkje om den mest alvorlege valden, men om den «vanlege» familievalden. Straffeheimelen for mishandling i nære relasjonar er straffelova § 282, og dei førsegnene som er nemnde i teksten er berre meint for å illustrere alvorlegheitsgrada av handlingane.

Dette er ein typisk situasjon som kvinner som er utsett for familievald står i. Med dette som utgangspunkt kan ein sjå for seg fleire scenario der mannen til K tek opp lån i K sitt namn ved misbruk av hennar BankID:

- 1) Mannen seier at dei skal ta opp lån i hennar namn på 100.000 kr. K melder ikkje frå til politiet/banken på dette tidspunktet.**
- 2) Mannen seier at K må gi han passord og BankID. K melder ikkje frå til politiet/banken om at han har kontroll over desse på dette tidspunktet. Han tek opp eit lån på 100.000 kroner utan at ho veit om det.**
- 3) Mannen til K har fått tak i BankID-en og passordet hennar. Ho blir seinare klar over at han har teke opp forbrukslån i hennar namn, men melder ikkje frå om det til politiet/banken når ho blir klar over lånet.**

Banken innvilga lånet trass i opplysningane i søknadsskjemaet ikkje stemmer overeins med opplysningane i K si skattemelding og at lånet skulle utbetalast til ein konto som ikkje tilhørte K. Banken hadde ikkje telefonkontakt med K for å sjekke om opplysningane stemte.³⁶

Uavhengig av kva for eit scenario som faktisk utspeler seg, er fellesnemnaren at K ikkje melder ifrå til politi eller til banken så lengje ho bur saman med gjerningspersonen fordi ho er redd for korleis han vil reagere når han får vite om det.

Etter fleire års samliv fortel K om valden ho opplever heime til ei venninne. Ho veit om at K kan reise på krisesenter, og anbefalar henne å gjere det. K forlèt mannen og på krisesenteret får ho hjelp til å melde den fysiske, psykiske og materielle valden til politiet. Mannen til K har framleis rett til samvær med deira felles born.

Etter dette melder K ifrå til banken om at det ikkje er ho som har teke opp gjelda. K har ikkje krav på fri rettshjelp og har ikkje råd til å be om advokathjelp, sml. lov om fri rettshjelp §§ 11 og 16, og tek seg derfor av korrespondansen med banken sjølv. Ho sender først eitt brev til banken der ho skriv at det var mannen som inngjekk avtalen. I situasjon 1 og 2 forklarar ho at avtalen kom i stand etter at ho var utsett for mellom anna drapstruslar og ber om at lånet blir satt ned ettersom ho har det vanskeleg økonomisk. Etter nokre månadar får ho rettighetsinformasjon av Juridisk rådgiving for kvinner og ho sender då eit nytt brev til banken der ho ber om at lånet vert sletta, ettersom låneavtalen er ugyldig inngått.³⁷

³⁶ Basert på LB-2018-192525

³⁷ Basert på LG-1993-125

Banken opprettheld kravet og K kan då velje å byrje å betale rekningane som etterkvart hopar seg opp, for å unngå at rentene blir for store. Dersom K enten veljer eller ikkje kan betale set banken i gang tvangsinndrivning av kravet. K vil då få lønnstrekk frå namsmannen. K kan kome med motsegn til namsmannen om at det ikkje er hennar gjeld, jf. tvangsfullbyrdslova § 7-7 andre ledd, tredje punktum. Viss ho gjer det stoppar lønnstrekket og banken klagar saka inn for forlikrådet. Der går K med på ein nedbetalingsplan. Det blir ikkje vurdert om avtalen er ugyldig på grunn av tvang fordi ein går ut frå at det uansett er gått for lang tid før K har meldt ifrå, og at det er meir hensiktsmessig å bli einige om ein nedbetalingsavtale.

3.3 Manglar ved avtaleinngåinga

Når ein skal ta stilling til om ein avtale er ugyldig eller ikkje, må ein sjå på kva slags type ugyldigheitsgrunnar som heftar ved den. For BankID-svindler i nære relasjonar er det særleg aktuelt å sjå på ugyldigheitsgrunnane falsk og tvang, som knyter seg til manglar ved inngåinga av avtalen (tilblivelsesmanglar). Dersom avtalen er inngått ved falsk eller tvang er den som utgangspunkt ugyldig. Slike avtalar kan likevel vere inngått med ein medkontrahent som er i aktsam god tru. Då blir spørsmålet om avtalen likevel skal vere bindande i relasjon til denne, og kva konsekvensen eventuelt skal vere dersom avtalen er ugyldig.

Viss ein samanliknar tilblivelsesmanglane falsk og tvang, vil ein sjå at det ved tvang vil vere større rom for å diskutere om låneavtalen er bindande enn det som er tilfelle ved falsk. Det som særleg skil desse to grunnlaga er at offeret for falsk ikkje er klar over at avtalen er inngått eller at dei personlege sikkerheitsanordningane er på avvege. Offeret for tvang vil på si side vere klar over at lånet blir teke opp eller at gjerningspersonen har kontroll over BankID og sikkerheitsanordningar. Samtidig lever ho i ein valdeleg relasjon som legg føringar på hennar handlingar og unnlatingar grunna frykt for partneren sin reaksjon. Som eg skal kome inn på i pkt. 3.5.3 vil spørsmålet om ho har reklamert rettidig overfor banken då lett kunne settast på spissen.

Hovudfokuset for oppgåva er spørsmålet om avtalebinding, og eg vil derfor ikkje gjere ei grundig drøfting av spørsmålet om eventuell erstatning. Det er likevel ein nær samanheng mellom desse to spørsmåla der avtalen er ugyldig på grunn av falsk, og eg vil derfor peike på nokre moment som vil kome inn i ei drøfting av erstatningsansvaret der det er aktuelt. I dei

følgande to delkapitla vil eg ta for meg ugyldigheitsgrunnane falsk og tvang og vurdere desse i lys av scenarioa i eksempelsaka.

3.4 Ugyldigheitsgrunnen falsk

3.4.1 Gjeldande rett

Utgangspunktet i norsk rett er at ingen kan inngå avtalar på vegner av nokon andre. For å kunne inngå ein avtale som bind nokon andre enn ein sjølv må ein ha rettsleg grunnlag for det, for eksempel i form av ei fullmakt eller eit vedtak om verjemål. Ein avtale som er inngått på nokon andre sine vegner utan rettsleg grunnlag er som utgangspunkt ugyldig på grunn av denne mangelen ved avtaleinngåinga.³⁸

Falsk er eit eksempel på ein avtale inngått på nokon andre sine vegner utan samtykke. Dette er ein ulovfesta ugyldigheitsgrunn som opphavelig gjeld tilfelle der ein avtale er inngått ved falsk signatur. Eit liknande grunnlag er forfalsking, som gjeld situasjonen der ein tredjeperson urettmessig endrar ei utsegn frå løftegivaren slik at det får eit anna innhald enn det som var meint. Forskjellen på desse ugyldigheitsgrunnlaga er at ved falsk så har ikkje den påståtte løftegivaren kome med ei utsegn i det heile.³⁹

Det er semje i den juridiske litteraturen om at falsk er ein sterk ugyldigheitsgrunn. At det heftar ein sterk ugyldigheitsgrunn ved ein avtale inneber at den påståtte løftegivaren kan gjere gjeldande at avtalen er ugyldig også overfor ein aktsamt godtruande medkontrahent.⁴⁰ Woxholth viser til at dei reelle omsyna bak denne regelen er at det ved falsk er vanskeleg for den påståtte løftegivaren å vite om at avtalen er inngått, og at ein dermed ikkje har ei reell moglegheit for å verje seg mot slike avtalar. Dette talar for at avtalen blir ugyldig også i relasjon til ein medkontrahent som var i god tru.⁴¹

Også der den falske signaturen er gitt elektronisk ved bruk av ein annan sin BankID vil det vere relevant å nytte dette grunnlaget. Dette er også lagt til grunn i utkastet til ny finansavtalelov, der departementet skildrar gjeldande rett på følgande måte:

³⁸ Sjø for eksempel HR-2020-2021-A

³⁹ Woxholth (2017) s. 281

⁴⁰ Sjø for eksempel Giertsen (2014) s. 158

⁴¹ Woxholth (2017) s. 281

«På samme måte som ved forfalskning av håndskrevet signatur er disposisjoner som foretas i en annens navn ved bruk av ugyldig elektronisk signatur, ikke avtalerettslig bindende for pseudounderskriveren, se her Hov: Avtaleslutning og ugyldighet Kontraktsrett I (2002) s. 237.»⁴²

Eit eksempel frå Høgsterett sin praksis på at ein avtale inngått ved falsk elektronisk signatur fører til ugyldigheit er HR-2020-2021-A, som vart avsagt i oktober i år. Det vart lagt til grunn at låneavtaleavtalen som var inngått ved misbruk av offeret sin BankID var ugyldig på grunn av falsk. Saka for Høgsterett omhandla derfor berre spørsmålet om offeret var erstatningsansvarleg for banken sitt tap. Eit einstemmig Høgsterett kom til at offeret for svindelen verken var avtalerettsleg bunden eller erstatningsansvarleg for banken sitt tap som følgje av at avtalen var ugyldig.

Som Høgsterettssaka er eit eksempel på, er det gjerne spørsmålet banken kan krevje erstatning frå offeret for tapet sitt som følgje av at han eller ho har vore aktlaus som er kome på spissen i saker for domstolane om BankID-svindel der den påståtte ugyldigheitsgrunnen er falsk.⁴³ Spørsmålet om avtalebinding kjem på spissen berre i dei sakene der det er tvil om avtalen er inngått ved falsk eller ikkje.

Herman Kofoed løftar fram denne problemstillinga i si masteroppgåve frå 2018. Der gjennomgår han rettspraksis, og viser mellom anna til LB-2016-43622 der spørsmålet om avtalebinding blir drøfta. I den saka kom lagmannsretten til at ei kvinne som hadde overlata BankID og passord til sin norske ektemann ikkje var avtalerettsleg bunden til ein låneavtale han hadde inngått utan at ho visste om det. Banken vann derimot fram med eit krav om erstatning, etter som retten kom til at kvinna hadde vore aktlaus. Kandidaten sin gjennomgang av rettspraksis tydar på at domstolane i spørsmålet om avtalen var inngått ved falsk eller ikkje i stor grad legg vekt på om offeret for svindelen si forklaring er truverdig eller ikkje, og i mange av tilfella kjem til at den er det.⁴⁴

Dersom det er bevist at avtalen er inngått ved falsk, og derfor er ugyldig, oppstår altså spørsmålet om den påståtte løftegivaren er erstatningsansvarleg for løftemottakaren si negative kontraktsinteresse. I saker om BankID-svindel kan ein tenkje seg at dette vil innebere ei plikt til å tilbakebetale lånesummen, men ikkje rentene. Eg vil ikkje gjere ei uttømmende analyse

⁴² Prop. 92 LS (2019-2020) pkt. 18.2.2 andre avsnitt

⁴³ Sjø for eksempel HR-2020-2021-A og LA-2017-135340.

⁴⁴ Kofoed (2018) s.17-23

av rettskjeldene for dette spørsmålet, men vil peike på moment i vurderinga av spørsmålet om erstatningsansvar som er av særleg relevans i saker der BankID-svindelen er skjedd i nære relasjonar.

Woxholth viser til manglane reklamasjon og aktløyse som to moglege grunnlag for erstatningsansvar.⁴⁵ Når det gjeld erstatningsansvar på grunn av manglande reklamasjon, viser Woxholth til at det må vere årsakssamanheng mellom den manglande reklamasjonen og tapet. I saker om BankID inneber det at offeret for svindelen måtte ha vore klar over falsken før pengane vart utbetalt.

«Hvis passiviteten unntaksvis kan tolkes dit hen at pseudoavgiveren har godkjent disposisjonen, vil han bli bundet som løftegiver. Mer praktisk – men fortsatt et unntakstilfelle – vil det være at han blir ansvarlig for løftemottagerens negative kontraktsinteresse, jf. Rt 1918 s 689 (Hov, Avtaleslutning og ugyldighet, s. 240). Ansvar et forutsetter imidlertid at det er årsakssammenheng mellom den manglende reklamasjonen og løftemottagerens tap. Det impliserer at pseudoavgiverens reklamasjonsplikt oppstår før tapet er lidt, med andre ord at han er eller burde ha vært oppmerksom på falsken eller forfalskningen før tapet er inntrådt, i det praktiske tilfellet før pengene er utbetalt (Hoc, 1 c)»⁴⁶

Eit spørsmål som kan oppstå er om ein har plikt til å reklamere der gjerningspersonen er ein nærstående. Til samanlikning har ein ikkje plikt til å forklare seg til politiet om for eksempel ein ektefelle.⁴⁷ Woxholth påpeikar at reklamasjonsplikta også bør gjelde der det å reklamere vil innebere å «angi» nokon ein har ein nær relasjon til

«[I eldre teori har Ussing] [i]nnvendt at det ikke kan oppstilles reklamasjonsplikt under henvisning til at det i en del tilfeller ville kunne føre til at pseudoavgiveren måtte angi en som står ham nær for noe som ville være et straffbart forhold. Synspunktet kan neppe anses avgjørende. [...] barmhjertigheten [ville] ellers ha blitt utøvet for løftemottagerens regning (Lynge Andersen / Madsen, s.134)»⁴⁸

Sitatet viser at det å la vere å reklamere ut av barmhjertighet for gjerningspersonen ikkje bør gjerast for «løftemottagerens regning og risiko». Situasjonen der manglande reklamasjon skuldast vald og frykt for vald i nære relasjonar verkar ikkje å vere kommentert. Eg legg til grunn at ein slik situasjon er vesensforskjelleig frå situasjonen der ein lar vere å reklamere av

⁴⁵ Woxholth (2017) s. 281-282

⁴⁶ Ibid.

⁴⁷ Sml. Straffeprosesslova § 122

⁴⁸ Woxholth (2017) s. 281-282

medkjensle med gjerningspersonen. Dette bør få betydning dersom lovforslaget om å innføre ein reklamasjonsfrist i ny finansavtalelov § 4-24 blir vedteke å gjelde også for låneavtalar. Den foreslåtte ordlyden er «utan ugrunnet opphold»⁴⁹, og ein bør i så fall kunne sjå hen til moment som eg løftar fram som relevant i vurderinga av «utan ugrundet opphold», jf. avtalelova § 28 andre ledd (pkt.3.5.3.3)

Det andre moglegheita er erstatningsansvar på grunn av aktløyse.⁵⁰ For saker om BankID-svindel er den viktigaste rettskjelda den nye dommen frå Høgsterett, HR-2020-2021-A. Her fastsette Høgsterett utgangspunkta for vurderinga av aktløyse der låneopptak er skjedd ved misbruk av BankID.

Saka gjaldt eit forbrukslån på 100.995 kroner, og retten kom til at sjølv om det var klanderverdige av offeret å oppbevare BankID-en på eit ulåst kontor medan han var på ferie, så hadde banken teke ein klar risiko for tap ved å inngå låneavtalen utan andre tryggingstiltak enn bruk av BankID. Det var ikkje bevist at mannen hadde vore uforsiktig når det gjaldt oppbevaring av passordet sitt, ved for eksempel å skrive det ned eller oppbevare det saman med kodebrikken. Det var derfor ikkje grunnlag for erstatningsansvar for offeret for svindelen.

Eit sentralt utgangspunkt ved aktløysevurderinga var om den påstått aktlause har «handlet innenfor de atferdsnormer som gjelder på området»⁵¹. Sjølv om låneavtalar ikkje er omfatta av finansavtalelova, var «lovens krav – *alle rimelige forholdsregler* – en norm, som etter [førstvoterendes] syn bør gjelde også utenfor lovens virkeområde»⁵² Retten viste også til at krav til handlemåten også følger av avtalevilkåra for bruk av BankID. Her heiter det at

«PersonBankID er personlig og skal ikke overdras eller på annen måte overlates til eller brukes av andre enn Kunden. Passord, personlige koder og andre sikkerhetsprosedyrer må ikke røpes for noen.»⁵³

Høgsterett påpeika at culpanorma som utgangspunkt er ei objektiv norm, der spørsmålet er om skadevaldaren kunne og burde handla annleis, men at det er rom for å relativisere norma ut frå kva gruppe skadelidne som er ramma og kva rolleforventning ein har til denne gruppa.⁵⁴ Retten viste til at det ikkje kan forventast at banken har gjort ytterlegare tryggingstiltak der

⁴⁹ Prop. 92 LS (2019-2020) Tilråding A

⁵⁰ Woxholth (2017) s. 281-282

⁵¹ HR-2020-2021-A avsnitt 53

⁵² Ibid. avsnitt 54

⁵³ Ibid. avsnitt 55

⁵⁴ Ibid. avsnitt 56-57

BankID er brukt ved betalingstransaksjonar, som er den opprinnelege bruksmåten for BankID, men at saka vil kunne stille seg annleis der løysinga blir brukt i andre samanhengar. Saka for Høgsterett gjaldt det ein avtale med «vidtrekkende økonomiske konsekvenser for innehaveren med en bank som han ikke hadde noe kundeforhold til».⁵⁵

Høgsterett konkretiserer forventningane til banken ved å vise til lovforslaget til ny finansavtalelov. Her blir det uttalt at banken har «langt flere muligheter enn den enkelte rettighetshaver» til å gjere tiltak for å unngå misbruk og til å pulverisere tapet sitt. I sitatet blir det også nemnt eksempel på aktuelle tryggingstiltak, slik som å sende SMS med stadfesting av godkjent søknad til BankID-innehavaren sitt offentleg registrerte kontonummer og berre gjere utbetalinga til innehavaren sitt kontonummer.⁵⁶

Høgsterett fastset med denne dommen at det i vurderinga av aktsemja til offer for misbruk av BankID der det er gjort låneopptak, blir eit spørsmål om vedkomande har teke «alle rimelige forholdsregler» for å beskytte dei personlege sikkerheitsanordningane. I denne vurderinga kan ein trekke inn rolleforventninga ein kan ha til banken. Sjølv om ein ikkje kan forvente særlege tryggingstiltak ved vanleg bruk av BankID, vil ein kunne forvente at dette er gjort der det for eksempel er søkt om lån, som var tilfelle i saka.⁵⁷

I ein dom avsagt i Sarpsborg tingrett i november i år, blir det vist til den nye Høgsterettsavgjerda. I dommen blir ei kvinnes mogelege erstatningsansvar for to ulike lån drøfta etter det ulovfesta aktløyseansvaret.⁵⁸ Dommen er interessant som eit eksempel frå underrettspraksis på drøftingar av «alle rimelige forholdsregler».

Faktum i saka gjaldt to ulike lån i to ulike bankar. Det var bevist i saka at kvinna både hadde opplyst passordet til BankID-en sin til mannen og at ho hadde gitt han tilgang til den. Ho var kjent med at mannen kunne gjere disposisjonar frå hennar bankkonto før låneopptaka, og hadde ikkje meldt frå til banken om dette. Retten vurderte om denne handlemåten, halde opp mot banken si åtferd tilsa erstatningsansvar. Ettersom den første banken berre hadde krevd bruk av BankID og ikkje gjort fleire tryggingstiltak, var kvinna ikkje erstatningsansvarleg overfor denne.

Saka stilte seg annleis når det gjaldt den andre banken. Her uttalar retten:

⁵⁵ HR-2020-2021-A avsnitt 58-59

⁵⁶ Ibid. avsnitt 61

⁵⁷ Ibid. avsnitt 61

⁵⁸ 19-152096TVI-SARP

«Det er [...] sannsynliggjort at før lånet ble utbetalt, hadde [banken] kontakt med en mannsperson [...], som bekreftet at det oppgitte telefonnummeret i søknaden var disponert av [kvinnen], og at det samme gjaldt den oppgitte bankkontoen for utbetaling av lånet. [Banken] hadde som vedlegg til lånesøknaden mottatt [kvinnens] skattemelding for 2017 og siste lønsslipp for henne. Vedkommende bekreftet i telefonsamtalen også fødsels- og personnummeret til [kvinnen]. Banken fikk således besvart de kontrollspørsmål som ble stilt. At epostadressen som var oppgitt ikke stemte med [kvinnens] epost, får da ikke avgjørende betydning. Vår sak skiller på denne måten fra tilfellet i HR-2020-2021-A hvor banken ble kritisert for ikke å ha stilt oppfølgende kontrollspørsmål, men innvilget lån med kun BankID som bakgrunn for autentisering. [Banken] kan ikke bebreides for å ha lagt til grunn av lånesøkeren var en mann og ikke en kvinne. Det er etter rettens oppfatning ut fra navnet [A] ikke indikasjon på for en norskspråklig at dette er en kvinne»⁵⁹

Drøftinga i denne dommen bør her samanliknast med HR-2020-2021-A, jf. over. Både Høgsterett og Sarpsborg tingrett legg vekt på banken sine handlingsalternativ i vurderinga av svindeofferet si aktsemje, der det blir stilt krav om at banken må ha gjort fleire tryggingstiltak der det er snakk om eit låneopptak. I avgjerda frå Høgsterett blir det nemnt som eksempel at ein kan sende SMS til det offentleg registrerte telefonnummeret til lånsøkeren og opplyse om lånet. I denne saka aksepterer tingretten som eit tryggingstiltak at banken har ringt nummeret som er opplyst i lånesøknaden og spurt om det var riktig nummer og om kontonummeret var riktig. Dette verkar som eit lite tillitsvekkande tryggingstiltak samanlikna med forslaget frå Høgsterett.

I tillegg hadde banken motteke skattemelding, lønsslipp og fått opplyst fødsels- og personnummeret til lånsøkeren. Her bør banken kritisera for å ikkje ha teke stor nok høgde for at BankID-svindel skjer i nære relasjonar. Opplysningar som skattemelding, lønsslipp og fødsels- og personnummer vil vere lett tilgjengeleg for dei som ein lever saman og deler postkasse med.

Tingretten la også vekt på at banken ikkje kunne skjønne at den påståtte løftegivaren var ei kvinne, sidan ho hadde eit utanlandsklingande namn. Dette verkar ikkje som eit haldbart argument. Etter CEDAW har staten sine aktørar ei plikt til å ivareta også dei som har sårbarheit for eksempel knytt til språk og etnisk bakgrunn. Det kan ikkje vere unnskyldelig for banken at det ikkje var gjort fleire tryggingstiltak fordi påstått låntakar ikkje hadde eit norsklingande namn. (pkt. 2.2.2.)

⁵⁹ 19-152096TVI-SARP s. 7

Her kan det i tillegg virke som at retten har lagt for stor vekt på kva som var synbart for banken berre ved å sjå på lånesøknaden. Eg viser her til drøftinga eg gjer av kravet om at banken må ha vore i «god tro» i pkt. 3.5.3.1, der eg peikar på at krava ein stiller til bankane må vere høgare der ein har lagt opp til ein søknadsprosess der mogelegheitene for å oppdage feil er redusert ved at ein ikkje lenger har eit krav om fysisk oppmøte for å få lån.

Eit anna eksempel på at det er blitt lagt for lite vekt på nære relasjonar-aspektet i rettspraksis er 17-201534TVI-OTIR/06. Saka er avsagt før dommen frå Høgsterett kom, og gjaldt erstatningsansvaret for tap som følgje av inngåing av ein avtale om kredittkort. Ugyldigheitsgrunnlaget i saka var falsk, og kvinna vart rekna for å ha vore aktlaus ved at ho visste at mannen hadde kontroll over BankID-en hennar, men ikkje reklamerte. Det som ikkje framkjem tydeleg av dommen, er at mannen var idømt fengselsstraff for vald mot henne over ei årrekke, der små bagatellar kunne utløyse nokså grov vald. I dommen er dette kommentert på følgande måte «Det er ikkje godt gjort at familievoldregimet var årsaken til hennes unnfallegheit»⁶⁰. Dommen kan tyde på at det ikkje er nok merksemd knytt til situasjonen kvinner som lever i valdelege relasjonar står i når ein vurderer aktsemjespørsmålet, ettersom det ikkje kjem klart fram av domspremissa kva slags moment det vart lagt vekt på.

Sjølv om ein skulle kome til at offeret for svindelen har vore aktlaus, kan erstatningskravet etter gjeldande rett lempast i unntakstilfelle der fullt ansvar ville vere urimeleg tyngande for skadevaldaren og det er rimeleg at skadelidne ber heile eller delar av tapet. Lemping kan særleg vere aktuelt dersom skaden har ramma store verdiar som generelt er sterkt utsett for skade. Skadelidne si mogelegheit for forsikring og pulverisering av tapet vil her spele inn.⁶¹ Mogelegheita for lemping følger av den generelle erstatningsretten, men er foreslått utelukka ved BankID-svindel i forslaget til ny finansavtalelov. Dette har blitt kritisert av Marte Kjørven ved Det juridiske Fakultet ved Universitetet i Oslo, ettersom mogelegheita for lemping er ein viktig sikkerheitsventil.⁶²

⁶⁰ 17-201534TVI-OTIR/06 s. 4

⁶¹ HR-2020-2021-A avsnitt 64-67

⁶² Kjørven (2020)

3.4.2 Vurdering av eksempelsaka

Ugyldigheitsgrunnen falsk er særleg aktuell i situasjon 3, der mannen til K har lurt til seg BankID og passord og teke opp eit lån i hennar namn utan at ho veit om det. Den kunne også tenkjast å vere aktuell i situasjon 2, der K blir bedt om å gi frå seg passord og BankID med påfølgande låneopptak som ho ikkje er kjent med. Eg har valgt å handtere dette som tvang (pkt. 3.5.2.2.2).

I situasjon 3 har mannen lurt til seg passord og BankID og K har ikkje kjennskap til at desse er på avvege. Ho kan derfor ikkje verje seg mot misbruket. Då er falsk aktuelt som ugyldigheitsgrunn. K har ikkje venta lengje nok med å reklamere til at det er rimeleg å seie at ho har godkjent avtalen ved passivitet. Avtalen er derfor ugyldig på grunn av falsk.

Ettersom avtalen er ugyldig, lir banken eit økonomisk tap ved at dei ikkje har krav på tilbakebetaling av lånesummen med renter. Spørsmålet om K må dekke banken sin negative kontraktsinteresse vil då reise seg.

Her kan ein kort slå fast at K ikkje kan bli ansvarleg på grunn av manglande reklamasjon i seg sjølv. Ein reklamasjon frå K si side ville ikkje forhindra banken sitt tap, ettersom ho først blir klar over låneopptaket etter at pengane er utbetalt. Dette vil typisk vere tilfelle i saker om BankID-svindel, der offeret for svindelen først blir kjent med lånet når rekningane byrjar å hope seg opp.

Det aktuelle spørsmålet er om K kan bli erstatningsansvarleg på grunn av aktløyse. I K sitt tilfelle må ein leggje til grunn at det vil ha vore enkelt å få tak i BankID-en hennar. K og mannen deler husstand, og han vil ha hatt fri tilgang på denne, med mindre den var låst inne. Det er likevel ikkje aktaust å oppbevare BankID-en heime, sjølv om den er fritt tilgjengeleg.⁶³

Spørsmålet er om K var aktsam når det gjeld oppbevaring av passordet sitt. Ein kan her tenkje seg ein glideskala der dei to ytterpunkta kan vere at K har gitt BankID og passord frå seg til mannen på den eine sida og at han har installert keylogger på PC-en hennar som har fanga

⁶³ HR-2020-2021-A avsnitt 99

opp passordet når ho har tasta det inn på den andre.⁶⁴ I den første situasjonen vil K klart ha opptrådt klanderverdig, medan ho i den andre situasjonen i utgangspunktet har vore aktsam.

I situasjonen der K har gitt frå seg passordet til mannen, vil ein måtte halde denne klanderverdigheita opp mot kva slags tryggingstiltak banken har gjort, utover å stille krav til korrekt bruk av BankID. Desse tryggingstiltaka bør etter mi meining vere tillitsvekkande, og ikkje basere seg utelukkande på opplysningar gitt i lånesøknaden.

3.5 Ugyldigheitsgrunnen tvang

3.5.1 Innleiing

Ugyldigheit på grunn av tvang ved avtaleinngåinga er regulert i §§ 28 og 29, som regulerer høvevis grov og ordinær tvang. Skiljet får betydning i sakene om BankID-svindel, ettersom ordinær tvang blir rekna som ein svak ugyldigheitsgrunn som ikkje kan gjerast gjeldande overfor banken viss den er i aktsam god tru. Viss låneavtalen er inngått ved grov tvang kan det derimot gjerast gjeldande som ugyldigheitsgrunn sjølv om banken har vore i aktsam god tru. Grov tvang er ein sterk ugyldigheitsgrunn. Giertsen skriv det følgande om omsyna bak regelen om sterk ugyldigheit ved grov tvang:

«Når løftegiveren ikke har noen vilje til å binde seg overhodet – som ved grov tvang – må hensynet til løftegiverens interesse i ubundethet bli avgjørende».⁶⁵

Mindre alvorleg tvang, såkalla «ordinær tvang», er rekna for å vere ein svak ugyldigheitsgrunn som gjer at ein avtale som er inngått med den som utfører tvangen vil vere ugyldig. Overfor ein aktsamt godtruande medkontrahent vil avtalen derimot vere bindande. Den ordinære tvangen er rekna for å vere all anna tvang enn den som er omfatta av avtalelova § 28, og kan for eksempel vere «at en person truer med å skandalisere [offeret], [...] dersom [hun] ikke avgir et løfte og derved medvirker til inngåelsen av en avtale».⁶⁶ Dersom offeret for BankID-svindel er utsett for ordinær tvang, vil ho altså bli bunden etter avtalen i relasjon til banken, viss den er i aktsam god tru.

⁶⁴ Dette bygger på ei samanlikning av faktum i dei to siterte dommane og er også berørt i Kofoed, 2018, s. 43 som har gjennomgått tidlegare underrettspraksis.

⁶⁵ Giertsen (2014) s. 158

⁶⁶ Woxholth (2017) s. 285

I det følgande vil eg konsentrere meg om spørsmålet om ugyldigheit der BankID-svindel er skjedd ved grov tvang, jf. avtalelova § 28. Denne føresegna heimlar at låneavtalen kan bli kjent ugyldig sjølv om banken er i god tru, og er eigna til å kaste lys over den situasjonen som kvinner som er utsett for BankID-svindel i kombinasjon med familievald typisk vil stå i.

I avtalelova § 28 heiter det at

«Er en viljeserklæring retsstridig fremtvunget ved vold mot person eller ved trusler, som fremkalder grundet frykt for nogets liv eller helbred, binder den ikke den, som har avgitt den.

Er det tredjemand, som har fremtvunget viljeserklæringen, og var den anden part i god tro, maa den tvungne, hvis han vil paaberope tvangen, gi ham meddelelse om det uten ugrundet opphold, efterat tvangen er forbi. Ellers er han bundet ved erklæringen»

I første ledd framgår det kva som skal til for at den påståtte tvangen skal føre til at avtalen blir ugyldig. Det må dreie seg om ei viljeserklæring som «retsstridig» er «fremtvunget» ved vold mot person eller ved truslar, som framkallar «grundet frykt for nogets liv eller helbred».

Av andre ledd kjem det fram at der det er tredjemann som har utøvd tvangen, og den andre parten er i «god tro», så må den som vil påberope seg tvangen som ugyldighetsgrunn gi «meddelelse» om det. Plikta inntre «efterat tvangen er forbi» og meddelelsen må bli gitt «uten ugrundet opphold».

Etter ordlyden må ein altså fyrst vurdere om vilkåra for tvang er oppfylt. Er dei det er avtalen som utgangspunkt ugyldig. I saker om BankID-svindel i nære relasjonar er tvangen utøvd av ein nærstående, medan låneavtalen er inngått med ein bank. Ein må då vurdere om ugyldigheita kan gjerast gjeldande overfor banken etter andre ledd. Etter ordlyden blir dette eit spørsmål om banken var i aktsam god tru og om offeret for tvangen har reklamert innanfor fristen. Viss banken var i aktsam god tru og offeret for tvangen ikkje har reklamert i tide, blir ho bunden av låneavtalen.

I det følgande skal eg presentere og vurdere dei relevante vilkåra for tvang (pkt. 3.5.2) og vilkåra for å gjere tvangen gjeldande overfor ein godtruande medkontrahent (pkt. 3.5.3).

3.5.2 Er avtalen inngått under tvang, jf. avtalelova § 28 første ledd?

Det er på det reine at vilkåret om at ein må vere utsett for «retsstridig» tvang er oppfylt dersom ein er utsett for vald i nære relasjonar. I pkt. 3.5.2.1 og 3.5.2.2 vil eg knyte nokre merk-

nader til kva som ligg i vilkåra om at tvangen må ha medført «grundet frykt for nogens liv eller helbred» og at viljeserklæringa må vere «fremtvunget».

3.5.2.1 *Tvangen må ha medført «grundet frykt for nogens liv eller helbred»*

Det er eit vilkår for å konstatere tvang at viljeserklæringa er framtvunge ved vald mot person eller ved truslar som framkallar «grundet frykt for nogens liv eller helbred». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at det må dreie seg om vald, enten fysisk eller psykisk, og at denne gjer at offeret fryktar for liv eller helse. At det må vere grunna frykt for «nogens» liv eller helse, tilseier at det er nok at ein er redd for at ein (eller annan) person skal kome til skade. Det må ikkje vere eins eige liv eller helse ein fryktar for.

Også i den juridiske litteraturen er det lagt til grunn at det kan dreie seg om tvang også der trusselen er retta mot andre enn løftegivaren sjølv.⁶⁷ Det betyr at truslar som for eksempel rettar seg mot born også er omfatta av vernet mot tvang i avtalelova § 28. Dette vil kunne vere tilfelle i saker om BankID dersom offeret har born.

Etter denne gjennomgangen kan ein kort slå fast at vilkåret om at tvangen må ha skapt «grundet frykt for liv eller helbred» klart er oppfylt i eksempelsaka. I K sitt tilfelle har mannen utsett henne for fysisk, psykisk og materiell vald. K har levd i eit fryktregime der trusselen om meir vald har «ligge i lufta» og bagatellar har kunne trigge nye episodar.

Sjølv om vilkåret klart er oppfylt i K sitt tilfelle, vil eg likevel knyte nokre merknader til den juridiske teorien på området. Woxholth skriv :

«[D]et er en alminnelig oppfatning at grov tvang ikke forekommer i nevneverdig grad utenfor kriminelt belastede miljøer, og at avtaleloven § 28 på sett og vis er en avtalerettslig antikvit. I praksis viser det seg imidlertid at det neppe er belegg for et slikt synspunkt uten reservasjoner. Bankklagenemndas praksis viser at bestemmelsen kan ha relevans hvor bruk av kredittkort er fremtvunget under grov tvang, f eks på barer og nattklubber utenlands. (Se Hagstrøm, Avtalslagen 90 år, Stockholm 2005 s 227 flg)»⁶⁸

⁶⁷ Woxholth (2017) s. 286

⁶⁸ Ibid. s. 285

Sitatet viser at problemstillinga om bruk av tvang for å få urettmessig kreditt er fanga opp i den juridiske litteraturen. Kombinasjonen av vald i nære relasjonar og låneopptak i andre sitt namn ved bruk av BankID er likevel ikkje løfta fram og drøfta her.

Hos Giertsen kjem det likevel fram at «domssamlingene inneholder få saker om grov tvang etter avtl. § 28. [men at] [f]lere av sakene hvor bestemmelsen er anført gjelder familieforhold»⁶⁹ Dette viser at grov tvang også skjer i nære relasjonar og ikkje berre i kriminelt belasta miljø. Skuleeksempelen om grov tvang som «pistol mot hodet»-situasjonen er dermed for snevert. For offer for BankID-svindel er det viktig at bankar og hjelpeapparat har ei bevisstheit rundt at tvang også kan skje i nære relasjonar, slik at offeret kan få riktig rettighetsinformasjon på eit tidleg tidspunkt. Dette er særleg viktig når det gjeld spørsmålet om rettidig reklamasjon, sjå pkt. 3.5.3

3.5.2.2 *Er K sin vilje til å inngå låneavtalen «fremtvunget»?*

For at tvangen skal føre til at avtalen blir ugyldig er det eit vilkår at viljeserklæringa er «fremtvunget». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at det må vere årsakssamanheng mellom valden eller truslane og viljeserklæringa, altså at det må vere tvangen som har ført til at løftegivaren har gitt viljeserklæringa med det aktuelle innhaldet. Woxholth viser til eldre juridisk litteratur som skildrar vilkåret på følgande måte:

«lovens regler om tvang rammer [...] tilfeller hvor det foreligger en trussel fra den ene part som virker motiverende for den annen, slik at han disponerer annerledes enn han ellers ville gjort. (Arnholt, s. 236)»⁷⁰

Kravet om årsakssamanheng mellom tvangen og viljeserklæringa inneber at det berre kan vere den tvangen som er skjedd før løftet er gitt som er relevant for om viljeserklæringa er «fremtvunget». Etterfølgande tvang vil derfor ikkje få betydning. Dette får betydning der BankID-svindel skjer i kombinasjon med vald i nære relasjonar, ettersom offeret då vil vere utsett for tvang, men denne tvangen ikkje nødvendigvis har samanheng med låneopptaket. Ein må sjå hen til omstenda ved avtaleinngåinga og vurdere om det heftar ein mangel ved denne, slik som enten tvang eller falsk.

⁶⁹ Giertsen (2014) s. 163

⁷⁰ Woxholth (2017) s. 284

Hos Giertsen blir «fremtvunget»-vilkåret skildra som eit krav om at tvangen har «innvirket på løftet», som i utgangspunktet må avgjerast etter ei abstrakt vurdering.⁷¹ Med eit slikt utgangspunkt blir det opp til løftemottakaren å bevise at løftegiveren ikkje let seg påverke av tvangen. Giertsen viser til dommen innteke i Rt-2003-612 (avsn. 42) der retten påpeikte at viss det er «helt spesielle subjektive momenter i motsatt retning [altså i retning av at den aktuelle løftegiveren ikke var påvirket [Giertsens merkn.].]», så kan avtalen likevel vere gyldig.⁷² Giertsen oppstiller eit felles krav om innvirkning for fleire føresegnene i avtalelova med eit årsakskrav og handsamar desse samla. Dommen som er sitert over handlar derfor ikkje om tvang. Eg legg til grunn at sitatet likevel er relevant i tvangstilfellet, ettersom det berre seier noko om kven av partane som har bevisbyrden. For den som er utsett BankID-svindel i nære relasjonar inneber dette utgangspunktet at viss ho er utsett for tvang treng ho ikkje å bevise at ho let seg påverke av den. Viss banken er at motsett oppfatning er det altså dei som har bevisbyrden for dette.

3.5.2.2.1 Situasjon 1: Mannen seier til K at dei skal ta opp lån

Som det framkjem av eksempelsaka er K utsett for fysisk og psykisk vald av ektefellen sin, ho lever i eit fryktregime der trusselen om meir vald «ligg i lufta», og nye valdsepisodar blir trigga av bagatellar. I denne situasjonen har K fått beskjed av mannen om at dei skal ta opp eit lån på 100.000 kroner. I lys av tvangen K er utsett for vil det å seie nei til å ta opp lånet derfor ikkje vere ei mogelegheit. I ein slik situasjon vil vilkåret om at viljeserklæringa må vere «fremtvunget» klart vere oppfylt.

3.5.2.2.2 Situasjon 2: Mannen seier til K at ho må gi frå seg BankID og passord

Også i situasjon 2 er K utsett for familievald som kvalifiserer til tvang. I denne situasjonen er det ikkje sjølve viljeserklæringa overfor banken som blir «fremtvunget», men tilgangen til passord og BankID. Spørsmålet reiser seg då om denne situasjonen bør handsamast som falsk eller som tvang.

⁷¹ Giertsen, (2014) s. 171

⁷² Giertsen (2014) s. 172

At det ikkje er sjølve viljeserklæringa som er «fremtvunget» talar for at ein nyttar falsk som ugyldigheitsgrunn. Det at K gir frå seg kontrollen over passord og BankID, som legg til rette for låneopptaket, er likevel motivert av tvangen.

Omsyna bak dei forskjellige grunnlaga talar for at situasjon 2 bør handsamast etter avtalelova § 28, i likheit med situasjon 1. Medan falsk er eit grunnlag som vernar den som ikkje har hatt moglegheit til å verne seg mot låneopptaket fordi dei ikkje har visst om det, er situasjonen ein annan i situasjon 2. K har visst om at passord og BankID er på avvege, ettersom desse er blitt gitt etter tvang.

Forskjellen på situasjon 1 og 2 blir her tidspunktet for tvangen. I situasjon 1 er tvangen direkte knytt til låneopptaket, medan tvangen i situasjon 2 kjem forut for dette, når K gir frå seg passord og BankID. Dette vil likevel ikkje få betydning i K sitt tilfelle, ettersom ein må leggje til grunn at ho lever i eit valdeleg forhold som har karakter av å vere eit fryktregime, og ein derfor må leggje til grunn at tvangen består i alle fall så lengje ho er i forholdet. Spørsmålet om når tvangen opphører blir drøfta nærare i pkt. 3.5.3.3.

3.5.2.2.3 Situasjon 3: Mannen har funne ut passordet og brukar K sin BankID til å ta opp lån utan at ho veit om det

I denne situasjonen er K utsett for vald i nære relasjonar som kvalifiserer til tvang, men den har ikkje samband med låneopptaket. Som det framgår av eksempelsaka har mannen til K fått tak i passordet om BankID-en hennar som han brukar for å ta opp lånet utan at ho veit om det. I denne situasjonen er det ikkje tvang, men falsk, som er ugyldigheitsgrunnen. Sjølv om K si unnlating av å gi beskjed til banken og politiet då ho vart klar over låneopptaket er motivert av familievalden, har denne altså ikkje betydning for om låneopptaket har skjedd ved ei viljeserklæring som er «fremtvunget».

Ettersom mannen i denne situasjonen har lurt til seg passord og BankID og teke opp lånet utan at K har visst om det, vil avtalen likevel vere ugyldig som følge av at den er inngått ved falsk elektronisk signatur. At K er utsett for etterfølgande tvang vil vere eit moment i vurderinga av om ho har reklamert tidsnok, samt av om ho har vore aktlaus eller ikkje når ein vurderer spørsmålet om banken kan krevje erstatning av henne. Eg drøftar dette nærmare i neste underkapittel.

3.5.3 Kan tvangen gjerast gjeldande som ugyldigheitsgrunn overfor banken, jf. avtalelova § 28 andre ledd?

Dersom vilkåra for tvang i avtalelova § 28 første ledd er oppfylt er avtalen som utgangspunkt ugyldig. Unnataket følgjer av andre ledd der det framkjem at avtalen likevel kan bli bindande overfor ein godtruande medkontrahent dersom løftegivaren ikkje reklamerer rettidig. I saker om BankID-svindel ved tvang i nære relasjonar kjem denne problemstillinga på spissen, og det blir spørsmål om offeret for svindelen har reklamert i tide.

For at tvangen skal kunne gjerast gjeldande som ugyldigheitsgrunn må den for det første vere utført av ein «tredjemand». Dette vilkåret er klart oppfylt i saker om BankID-svindel, ettersom låneavtalen ikkje er inngått med den som utøver tvangen. Vidare må medkontrahenten ha vore i «god tro» med hensyn til tvangen. Det er også eit krav at offeret for tvangen har gitt «meddelelse» om tvangen «utan ugrundet opphold». Reklamasjonsfristen byrjar å løpe «etterat tvangen er forbi».⁷³ I dei komande underkapitla vil eg ta for meg kvart av desse vilkåra, og vurdere løpande om dei er oppfylt for K frå eksempelsaka sitt tilfelle.

I situasjon 3, der mannen har lurt til seg passordet og BankID-en til K, er det ikkje tvang som kan vere grunnlag for at låneavtalen er ugyldig. Det er derfor ikkje naudsynt å ta stilling til om vilkåra i avtalelova § 28 andre ledd er oppfylt i desse tilfella. Drøftinga av om låneavtalen er ugyldig i situasjon 3 blir gjort i pkt. 3.4 om falsk.

3.5.3.1 *Banken må ha vore i «god tro»*

Neste vilkår er at medkontrahenten må vere i «god tro». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at det er eit krav at medkontrahenten ikkje visste om tvangen. I motsett fall må vedkomande finne seg i at avtalen er ugyldig.

Spørsmålet blir så om ein skal innfortolke eit krav om at den gode trua må vere aktsam. Dette vil vere i tråd med det som framstår som føremålet med regelen, nemleg å balansere omsynet til den ufrivillige løftegivaren og medkontrahenten som ikkje visste om tvangen. Dersom kravet berre var at medkontrahenten ikkje visste om tvangen, ville dette leggje til rette for omgå-

⁷³ Jf. avtalelova § 28 andre ledd

ingar av regelen og gi eit dårlegare vern for den som er utsett for tvang. Også i den juridiske litteraturen er det lagt til grunn at føresegna må tolkast som eit krav om aktsam god tru. Woxholth skildrar den godtruande medkontrahenten som ein som «verken har eller burde forstått at løftegiveren var tvunget». ⁷⁴

Også Giertsen ser på «god tro»-vilkåret i avtalelova § 28 andre ledd som eit spørsmål om aktsam god tru. Han presiserer at den gode trua må vurderast i tråd med avtalelova § 39, altså «paa det tidspunkt, da viljeserklæringen kom til [medkontrahentens] kunnskap». ⁷⁵ Han framhevar at spørsmålet om når løftemottakaren «burde» visst om ein tilblivelsesmangel kan aktualiserast i ei rekke tilfelle:

«for det første [...] hvis løftets innhold er påfallende. [...] For det andre kan problemer oppstå hvis det er noe påfallende ved løftegiverens person, som f.eks. er mer nervøs enn situasjonen skulle tilsi. [...] For det tredje kan et løfte som ikke synes å ha et fornuftig formål eller som avviker fra løftegiverens normale handlingsmønster, tilsi at løftemottakeren bør forstå at det er noe som ikke stemmer. I avtalelovens forarbeider heter det at en løftemottaker «burde» kjenne til forhold når hun eller han «ikke har positiv visshet om forholdet, men dog har en saa sterk mistanke ..., at han efter god forretningsskikk pligter at undersøke saken». I spørsmålet om løftemottakeren var i god eller ond tro, er et utgangspunkt ofte hva som kan forventes av en antatt hederlig og ansvarsbevisst «normalperson» i samme situasjon.» ⁷⁶

Her blir det altså vist til at banken ville vere ute av den aktsamt gode trua si dersom omstende ved låneopptaket vekte så sterk mistanke at det ville vere i strid med god forretningsskikk å ikkje undersøke saka nærare. Den faktiske situasjonen som er skissert her er den tidlegare framgangsmåten for låneopptak med krav om fysisk oppmøte i banken. I denne situasjonen kunne kundebehandlaren leggje merke til lånetakaren si åtferd i kombinasjon med innhaldet i løftet og om det var annleis enn tidlegare handlingsmønster.

Etter innføringa av BankID er låneopptak gradvis flytta over på internett, og det er ikkje lenger eit krav om at ein må møte opp fysisk i banken. Denne endringa er foreløpig ikkje fanga opp i den juridiske litteraturen knytt til avtalelova § 28 andre ledd. Det at ein ikkje lenger møter ein kundebehandlar, men i stor utstrekning sender inn digitale lånesøknadar som blir avgjort ved automatisk behandling, kan likevel tenkast å få betydning for kva for ei aktsemjenorm ein skal bruke i vurderinga av om banken har vore i «god tro». Med denne nye

⁷⁴ Woxholth (2017) s. 284

⁷⁵ Giertsen (2014) s. 161

⁷⁶ Ibid. s. 160

måten å inngå låneavtalar på har ein fjerna banken si moglegheit til å observere samspelet mellom offeret for tvangen og ektefellen, og det kan då ikkje vere tilstrekkeleg å berre vurde-re om tvangen var synbar for banken. For å kunne seie noko om kva krav ein kan stille når banken har lagt opp til eit system der tvang ikkje blir oppdaga må ein derfor sjå hen til andre kjelder.

Den nyleg avsahte dommen frå Høgsterett, HR-2020-2021-A, som eg handsamar i 3.4.1, vil vere av interesse også for spørsmålet om banken har vore i «god tro», ettersom den kastar lys over kva forventningar ein kan stille til bankar si grad av aktsemje i møte med ein digital lånesøknad. Høgsterett uttalte at det ikkje er krav om særlege tryggingstiltak ved vanleg bruk av BankID. I den saka gjaldt det ikkje vanleg bruk av BankID, men om låneopptak. Om dette uttalte Høgsterett:

Slik jeg ser det, kan situasjonen være annerledes når BankID benyttes i andre sammenhenger. Det denne saken gjelder, er bruk av BankID som elektronisk signatur ved inngåelsen av en avtale med vidtrekkende økonomiske konsekvenser for innehaveren med en bank som han ikke hadde noe kundeforhold til»

Låneavtalar blir etter gjeldande rett ikkje rekna for å vere «betalingstransaksjonar»,⁷⁷ og fell derfor utanfor finansavtalelova. Dette betyr at vernet i denne lova som avgrensar forbrukarar sitt ansvar ved misbruk av BankID ikkje gjeld der svindelen er gjort ved låneopptak, i motsetning til eksempelvis tømning av ein bankkonto.⁷⁸ Der BankID er misbrukt for å ta opp lån, kan det dreie seg om høge summar for offeret med potensielt høge renter. I slike tilfelle uttalar Høgsterett at ein må stille høgare krav til kva handlingar banken må gjere for å hindre misbruk.

Som det framgår av gjennomgangen over må spørsmålet om banken har vore i «god tro» altså avgjerast etter ei vurdering av kva banken kunne og burde visst i lys av at låneavtalen inneber eit uavgrensa økonomisk ansvar for offeret og at den er inngått over internett ved bruk av BankID utan moglegheit for observasjon av den påståtte løftegivaren. Ein kan forvente at banken har gjort tryggingstiltak utover å krevje bruk av BankID i slike tilfelle.⁷⁹

⁷⁷ Jf. finansavtalelova § 34

⁷⁸ Sml. Finansavtalelova § 35

⁷⁹ Sml. HR-2020-2021-A

3.5.3.1.1 Situasjon 1: Mannen seier til K at dei skal ta opp lån og situasjon 2: Mannen seier til K at ho må gi frå seg BankID og passord

Kva krav ein kan stille til banken bør i utgangspunktet handsamast likt for både situasjon 1 og situasjon 2. Handlinga som ein må vurdere om er aktsam, altså banken si handtering av lånesøknaden, vil vere den same i begge situasjonar og bør handsamast likt.

I eksempelsaka kjem det fram at opplysningane i søknadsskjemaet ikkje stemte overeins med opplysningane i K si skattemelding og at lånet skulle utbetalast til ein konto som ikkje tilhørte K. Banken hadde heller ikkje hatt telefonkontakt med K for å sjekke om opplysningane stemte. Denne opplysninga i eksempelsaka er basert på faktum i LB-2018-192525. Mi eiga erfaring er likevel at denne saka ikkje er eineståande. Tvert om framstår den som representativ for mange av dei sakene som kjem inn til JURK der ein låneavtale er inngått ved BankID-svindel.

I eksempelsaka dreia lånesøknaden seg om eit beløp på 100.000 kroner. Sett i lys av at det dreier seg om eit forbrukslån med potensielt svært høge renter, vil dette vere eit betydeleg beløp for ein privatperson. Vidare omhandlar søknaden ein type avtale som inneber eit uavgrensa ansvar for den som er utsett for svindel. Då bør ein kunne forvente at banken har gjort fleire tryggingstiltak for å hindre misbruk. Vald i nære relasjonar er eit kjent samfunnsproblem og systemet bør vere laga på ein slik måte at det tek høgde for at misbruk av BankID også kan skje ved tvang.

Eg legg til grunn at banken i K sitt tilfelle ikkje har vore i god tru, ettersom det var uriktige opplysningar i lånesøknaden, og det ikkje blei gjort fleire undersøkingar for å finne ut om den var inngått av riktig person. Aktuelle tryggingstiltak som kunne vore iverksett for å avdekke misbruk, var å sende SMS til K sitt offentleg registrerte telefonnummer eller berre utbetale lånebeløpet til hennar konto.⁸⁰

At banken ikkje var i god tru inneber at unnataket frå hovudregelen i avtalelova § 28 første ledd om at avtalar inngått ved tvang ikkje er aktuelt. K kan derfor gjere ugyldigheita gjeldande overfor banken, uavhengig av om resten av vilkåra i avtalelova § 28 andre ledd.

I andre saker der låneavtalar er inngått ved tvang frå ein nærstående vil det likevel vere sannsynleg at låneavtalen ikkje inneheld mistenkelege opplysningar. Gjerningspersonen deler ty-

⁸⁰ HR-2020-2021-A

pisk postkasse med offeret og har tilgang til alle relevante opplysningar som følge av den nære relasjonen. Vidare kan det tenkjast at ektefellen også kontrollerer bankkonto og offentlig registrert telefonnummer, slik at eit varsel til desse ikkje avverjar låneopptaket.

I ein slik situasjon vil banken si moglegheit til å oppdage misbruket vere avgrensa. Løysinga av dette spørsmålet finst moglegvis i ei drøfting av kor lang reklamasjonstida skal vere der låneopptaket er skjedd som følgje av vald i nære relasjonar (pkt. 3.5.3.3 og 3.5.3.4).

3.5.3.2 *K må gi banken «meddelelse»*

Eg kom i pkt. 3.5.3.1 til at banken i K sitt tilfelle ikkje hadde vore i god tru. Eg forutset derfor for den vidare drøftinga at banken har gjort dei undersøkingane ein kan forvente, men at tvangen ikkje er oppdaga.

Neste vilkår for at tvangen skal medføre ugyldigheit også i relasjon til den godtruande medkontrahenten, er då at løftegivaren må ha gitt «meddelelse» om at ho vil påberope seg tvangen. Ein naturleg språkleg forståelse av ordlyden tilseier at løftegivaren må gi beskjed til medkontrahenten om at ho meiner at avtalen er ugyldig.

Eit eksempel frå underrettspraksis på at ei slik forståing av ordlyden er lagt til grunn er LG-1993-1235. Retten tok stilling til om det var gitt «meddelelse», jf. avtalelova § 28 andre ledd ved at den påståtte løftegivaren sendte melding til banken og gav beskjed om at ho hadde underteikna ein panteobligasjon etter drapstruslar. Dette var eit spørsmål om meldinga oppfylte det innholdsmessige kravet til ein «meddelelse». Retten kom til at ettersom kvinna ikkje hadde sagt eksplisitt at ho meinte at avtalen var ugyldig på grunn av tvangen og heller ikkje vart oppfatta på den måten av banken, var kravet til meddelelse ikkje oppfylt. Kvinna gjorde først gjeldande at paneobligasjonen var ugyldig som følgje av drapstruslane nokre månadar seinare etter å ha fått hjelp frå advokat.

Dette kravet kan få stor praktisk betydning i saker om BankID-svindel som følgje av tvang i nære relasjonar, og eg vil derfor kome med nokre merknader knytt til den faktiske situasjonen og det rettslege landskapet som offeret for tvang opererer i når dei har plikt på seg til å meddele at avtalen er ugyldig.

Samspelet mellom ei rekke faktorar vanskeleggjer moglegheita som offer for tvang har for å ivareta eigne rettigheter. For det første er offeret for tvangen på veg ut av ein valdeleg relasjon på det tidspunktet ho er forventa å meddele at avtalen er ugyldig. I denne situasjonen er

det naturleg om ein ikkje har kapasitet til å gjere eit stort arbeid for å setje seg inn i spørsmål om økonomi. Lågare grad av kjennskap til norsk språk og «system» frå før vil vere ei ekstra sårbarheit. For det andre er «ugyldigheit» eit juridisk omgrep som ikkje er mykje brukt i daglegtalet. Det er lett å tenke seg at ein gjennomsnittleg forbrukar, inkludert offer for vald i nære relasjonar, heller enn å påstå at «avtalen er ugyldig», vil opplyse om tvangen og be om at lånet blir satt ned.

Ein kunne her tenkje seg at banken har ei plikt til å rettleie, slik at meddelelsen blei riktig utforma med éin gong dei blei kontakta om tvangen. Det er likevel ikkje tilfelle. Etter finansavtalelova § 15 har banken opplysningsplikt om forhold som gjeld bankkontoar mv. I forslaget til ny finansavtalelov er det teke inn eit forslag om alminneleg veiledningsplikt i ny § 3-1. Heller ikkje her ser veiledningsplikta ut til å gjelde veiledning etter at ein avtale er inngått:

«Kunden skal få de opplysningene som er nødvendige for å kunne forstå, overveie og sammenligne tilgjengelige tilbud».⁸¹

Av merknadane til § 3-1 framgår det at føresegna i hovudsak er ei kodifisering av profesjonsansvaret og er ei vidareføring av gjeldande rett:

«Det dreier seg om en såkalt rettslig standard, som vil kunne utvikle seg i rettspraksis i tråd med samfunnsutviklingen. I paragrafen gis det også regler om «god forretningsskikk» for tjenesteytere.»⁸²

Den foreslåtte veiledningsplikta ser altså ut til å vere meint å gjelde før avtaleinngåinga, ikkje i samband med å hjelpe kunden med å ivareta sine rettigheter etter eit eventuelt misbruk. Dersom banken likevel stiller oppfølgingsspørsmål og opplyser om innhaldskravet til ein meddelelse, er det altså ikkje fordi offeret for tvang har ein rett til å bli opplyst om det.

Lovforslaget viser likevel at § 3-1 er ein rettsleg standard som vil kunne utvikle seg over tid. Kanskje bør banken, som er den sterke parten, også ha plikt til å opplyse om innhaldskravet i ein meddelelse? Her som ellers, er det viktig at banken er merksam på at tvang kan skje i nære relasjonar. Ved melding om at ein påstått lånetakar er utsett for handlingar som kvalifiserer til tvang, bør dette vere tilstrekkeleg til å utløyse oppfølgingsspørsmål og rettleiing om meddelelse om ugyldigheit.

⁸¹ Prop. 92 LS (2019-2020) Tilråding A

⁸² Ibid. pkt. 39.3

Ettersom ein heller ikkje har rett på fri rettshjelp i saker om BankID-svindel, sml. lov om fri rettshjelp §§ 11 og 16, vil offeret for tvangen måtte skaffe informasjon om reklamasjonsfristen på eit tidleg tidspunkt på andre måtar. Det er derfor viktig at hjelpeapparatet, slik som politi og krisesenter, er merksame både på den korte reklamasjonsfristen som gjeld ved BankID-svindel som følgje av tvang (jf. nedanfor) og på innhaldskravet, for å kunne sørge for at det blir gitt riktig rettighetsinformasjon på eit tidleg nok tidspunkt til at ein avverjar avtalebinding med dei økonomiske konsekvensane det inneber for den enkelte.

3.5.3.2.1 Situasjon 1: Mannen seier til K at dei skal ta opp lån og situasjon 2: Mannen seier til K at ho må gi frå seg BankID og passord

I dei to første eksempelsituasjonane, der låneopptaket er skjedd ved tvang, har K gitt beskjed til banken om at låneopptaket skjedde etter drapstruslar, og ho har spurt om lånet kan bli sett ned fordi ho har det vanskeleg økonomisk. I den første meldinga til banken seier ho ikkje uttrykkeleg at ho meiner at låneavtalen er ugyldig og banken forstår det heller ikkje på denne måten. Etter å ha fått rettighetsinformasjon nokre månadar seinare sender ho eit nytt brev til banken der ho seier at avtalen er ugyldig fordi den blei inngått under tvang. I K sin situasjon må skjæringstidspunktet for meddelelsen i drøftinga av om reklamasjonen er rettidig altså reknast frå tidspunktet for det siste brevet.

3.5.3.3 Fristen for å gi meddelelse startar «efterat tvangen er forbi»

Meddelelsen må sendast utan ugrunna opphald «efterat tvangen er forbi». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at fristen for å varsle om at ein vil gjere ugyldigheita gjeldande ikkje byrjar å løpe medan ein framleis er under tvang. Ordlyden tilseier at ein må gjere ei konkret vurdering av når tvangen er forbi. Spørsmålet er ikkje belyst i den juridiske litteraturen på området.⁸³

Eit eksempel frå underrettspraksis på at spørsmålet kom på spissen er den tidlegare nemnde lagmannsrettsdommen LG-1993-1235, der ei kvinne som hadde signert som medheimelshavar på ein panteobligasjon hadde vore utsett for vald og truslar i sambuarforholdet slik at det til

⁸³ Eg har undersøkt hos Woxholth (2017), Giertsen (2014), Hov (2009) og Arnholm (1949).

slutt opphøyrt. Kvinna hadde gitt meddelelse til banken cirka 1 år og 5 månadar etter at forholdet var opphøyrert der ugyldigheita vart gjort gjeldande. Lagmannsretten la vekt på tidspunktet for når forholdet tok slutt, men la også vekt på at kvinna hadde anmeldt sambuaren for vald omtrent 7 månadar før forholdet tok slutt. Det vart lagt til grunn at det i alle fall ved sambuarskapet sitt opphøyr ikkje lenger var noko tvangsmessig hinder for å gjere ugyldigheita gjeldande. Det var ikkje vurdert i denne saka om det var snakk om eit «ugrundet opphold» eller ikkje, jf. pkt. 3.5.3.4.

I mangelen på meir vektige rettskjelder vil eg her trekke inn moment som eg meiner bør tilleggast vekt når ein vurderer om tvangen er forbi. For ei kvinne som forlet ein valdeleg partner, bør ein, i tillegg til å sjå på tidspunktet for når forholdet opphøyrt, også sjå hen til andre moment. Kan for eksempel traumet etter valden og den uavklarte busituasjonen hennar som følgje av at ho må flytte midlertidig til krisesenter medføre at tvangen ikkje kan reknast for å vere over i den augeblinken kvinna forlét den valdelege partneren sin? Viss gjerningspersonen har samværsrett med felles born, kan det vere at tvangen opplevast som framleis tilstades for offeret sjølv om dei ikkje lenger bur på same adresse? Har tidlegare partner blitt fått besøksforbod og har han brote dette? Dette er moment som bør bli gitt ei meir grundig vurdering i juridisk teori på avtaleretten sitt område. Dersom dette er moment som blir vurdert når domstolane tek stilling til spørsmålet om når «tvangen er forbi», bør det kome tydeleg fram av domspremissa.

3.5.3.4 Meddelelsen må vere gitt «uten ugrundet opphold»

Vidare må meddelelsen bli gitt «uten ugrundet opphold». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at løftegivaren har ein kort frist til å gi medkontrahenten beskjed om at ein vil påberope seg tvangen som ugyldigheitsgrunn. Det er likevel berre krav til at ventetida ikkje skal vere «ugrundet». Ordlyden opnar for ei konkret vurdering og opnar for spørsmålet om kva slags grunnar som kan medføre at ein tillet eit visst opphald før meddelelse.

I den juridiske litteraturen løftar Giertsen fram at det er ein generell regel i avtaleretten at ein ved «meddelelse» kan bevare retten sin til å forbli ubunden av ein avtale, jf. avtalelova § 40.

Omsynet bak vilkåret om meddelelse er ifølge han at «[m]ottakeren har [...] et behov for rask informasjon om at avgiveren er ubundet.»⁸⁴

Eit eksempel på at dette synet er fulgt opp i underrettspraksis er LB-2013-8131. Lagmannsretten kom her til at det ikkje var bevist at løftegivaren var utsett for tvang ved låneopptaket. Det var likevel ikkje naudsynt for retten å gå nærare inn på spørsmålet, ettersom løftegivaren uansett ikkje hadde reklamert «utan ugrundet opphold». Retten uttalte det følgande:

«Etter lagmannsrettens syn må [...] et minstekrav være at det fremgår av reklamasjonen at A anså seg ubundet av låneopptakene på grunn av grov tvang.

Ser man på ordlyden i brevet, er det ikke noe som tilsier at A anså seg ubundet av låneopptakene. Brevet fremstår som en anmodning om berostillelse [...]. Den vedlagte anmeldelse gir heller ingen ledetråder inn mot de aktuelle gjeldsbrev, og er ifølge Oslo byfogdembete senere trukket tilbake. Det kan i denne forbindelse ikke ha noen betydning om brevet ble utformet etter råd fra en politibetjent slik som opplyst av A»

Det vart lagt vekt på at banken sendte eit brev til løftegivaren der dei gav uttrykk for at dei rekna han som bunden av avtalen og gav han ei vekes svarfrist dersom han hadde motsegner mot brevet. Løftemottakaren fekk med dette ei klar oppfordring til å seie ifrå om at han rekna seg for ubunden av avtalen, men let vere å svare på brevet. Påstanden om tvang vart først gjort gjeldande i samband med krav om utlegg. Når dette var tilfelle kom retten til at løftegivaren var bunden etter avtalen, uavhengig av om han eventuelt var utsett for tvang.

Eit eksempel frå Bankklagenemnda (no finansklagenemnda) der liknande synspunkt vert lagt til grunn er BKN-1993-37, som gjaldt påstått tvang ved kausjon. Nemnda kom i den saken til at det ikkje var naudsynt å ta stilling til om løftegivaren var utsett for tvang, idet ho uansett ikkje hadde reklamert «uten ugrundet opphold» når dette var gjort først fleire år etter at kausjonen var gitt.

3.5.3.4.1 Situasjon 1: Mannen seier til K at dei skal ta opp lån og situasjon 2: Mannen seier til K at ho må gi frå seg BankID og passord

Drøftinga av om meddelelsen er gitt «uten ugrunnet opphold» heng nært saman med kravet til innhaldet i meddelelsen (pkt. 3.5.3.2). I den drøftinga kom eg til at det er tidspunktet K eks-

⁸⁴ Giertsen (2014) s. 163

plisitt gjer gjeldande ugyldigheit på grunn av tvang som er relevant å sjå hen til når ein skal vurdere om K har reklamert «uten ugrunnet opphold».

I eksempelsaka gjer K først gjeldande at avtalen er ugyldig på grunn av tvang etter nokre månadar. Årsaka til at det er gått noko tid før K eksplisitt gjer tvang gjeldande som ugyldigheitsgrunn er at ho er på veg ut av eit valdeleg forhold. Ho har reist på krisesenter, som er eit mellombels butilbod.⁸⁵ Ho har fått hjelp der til å melde den fysiske, psykiske og materielle valden til politiet og har fått beskjed om å seie ifrå til banken om at ho var utsett for vald ved låneopptaket. Det er likevel ikkje før K får juridisk rådgiving av JURK at ho blir klar over at ho må seie uttrykkeleg at ho gjer tvangen gjeldande som grunn for at avtalen er ugyldig.

I underrettspraksis er det lagt stor vekt på tidspunktet for når forholdet tok slutt og tidspunktet for melding til politiet. Det er ikkje nemnt andre hensyn som kan kome inn i vurderinga. I K sin situasjon bør det etter mi meining også leggest vekt på at gjerningspersonen har samværsrett med felles born, noko som burde tilseie at ein får litt tid til å områ seg. Ein reklamasjon vil kunne framstå for K som noko som eskalerer situasjonen og vere til hinder for samarbeid om felles born. Dette momentet vil hengje nært saman med drøftinga av når tvangen er forbi.

I eksempelsaka framgår det likevel at K faktisk prøver å reklamere etter å ha reist på krisesenter. Årsaken til reklamasjonen er derfor ikkje at ho ikkje ynskjer å gjere det, men at den reklamasjonen ho har sendt ikkje oppfyller innhaldskravet. Dette reiser spørsmålet om rettsvillfarelse kan medføre at opphaldet er «grundet». Svaret på dette vil avhenge av i kva grad rettsvillfarelse kan få betydning i saker på dette området⁸⁶ og om villfaringa i så fall ville vere aktsam i dette tilfellet. På grunn av rammene for oppgåva har eg valgt å avgrense mot dette.

3.5.3.5 Resultat i eksempelsaka

Spørsmålet innleiingsvis var om K kan gjere tvangen gjeldande som ein ugyldigheitsgrunn overfor banken i situasjon 1 og situasjon 2.

Som eg har vist i drøftinga er det klart at ektemannen til K er ein «tredjemand». Eg har vurdert om banken var i «god tro», og peikt på at det kjem an på kva tryggingstiltak den har gjort i tillegg til å krevje bruk av BankID. I eksempelsaka har eg ikkje lagt inn informasjon om at

⁸⁵ Jf. Krisesenterlova § 2 første ledd

⁸⁶ Sml. HR-2010-1880-A avsn. 31 som omhandla rettsuvitenheit om grensa for å gi bort gåver i uskiftebo.

banken har gjort tryggingstiltak, og kom derfor til at den ikkje har vore i god tru. I tvangstilfella kan ein likevel tenkje seg at banken har gjort alle dei tryggingstiltaka ein kan forvente, men at tvangen ikkje er blitt avdekt, ettersom gjerningspersonen kan tenkjast å ha kontroll over telefonnummer og bankkonto mv. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg med eit strengt krav til banken si aktsemje for å ivareta kvinnene som står i denne situasjonen.

Vidare kom eg til at K hadde sendt «meddelelse» om at avtalen var ugyldig. Ettersom det er eit krav at ein gjer gjeldande at avtalen er ugyldig i meddelelsen, var det ikkje tilstrekkeleg at K opplyste om at den var inngått etter drapstruslar. Meddelelsen var derfor først gitt då dette var gjort eksplisitt gjeldande nokre månadar seinare. Kvinner som står i denne situasjonen vil ha eit stort behov for rettighetsinformasjon på eit tidleg tidspunkt, og det er viktig at det er merksemd i hjelpeapparatet både om fristen og kravet til innhald i reklamasjonen.

For spørsmåla om K «utan ugrundet opphold» har sendt meddelelsen «efterat tvangen var forbi», har eg valgt å ikkje konkludere. Det er ingen tilgjengelege Høgsterettssavgjerder i Lovdata som kan gi opplysning om korleis rettstilstanden er når det gjeld desse to vilkåra, og eg har derfor peikt på moment som eg meiner bør medføre at ein i ein del tilfeller etter ei konkret vurdering kan gjere ugyldigheita gjeldande overfor banken sjølv om ein har reklamert på eit noko seinare tidspunkt enn idet ein flyttar frå ein valdeleg partner.

4 Avsluttande rettspolitisk vurdering

I denne oppgåva har eg kome inn på ei rekke problemstillingar som gir rom for nokre avsluttande rettspolitiske vurderingar.

For det første bør det, i tråd med dei generelle tilrådingane til CEDAW-Komiteen, også først statistikk over saker som gjeld økonomisk vald i nære relasjonar for å få ei betre oversikt over kor stort problemet er og kven som blir utsett for det.⁸⁷

Vidare er det eit krav til innhaldet i ein «meddelelse», jf. avtalelova § 28 andre ledd. Denne regelen vil kunne vere vanskeleg tilgjengeleg for vanlege forbrukarar, og kanskje særleg for dei som er i ein sårbar situasjon etter å ha brutt ut av ein valdeleg relasjon. Det er viktig at hjelpeapparatet som tek i mot offer for vald i nære relasjonar, slik som mellom anna politi og krisesenter, er merksame på den korte reklamasjonsfristen, og at det er eit krav til innhaldet i

⁸⁷ Gen.Rec.35 pkt. 34 a og b

meddelelsen, slik tvangen blir påberopt som ugyldighetsgrunn med éin gong. Her som elles vil språk og systemkjennskap få avgjerande betydning for om ein får oppfylt rettighetene sine. Banken si rettleiingsplikt som rettsleg standard bør dessutan utviklast til å omfatte ei plikt til å opplyse om at handlingar som kvalifiserer til tvang i avtalelova § 28 første ledd kan medføre at avtalen er ugyldig og informere om korleis reklamasjonen skal utformast. Dersom banken får opplysningar at den påståtte låntakaren er utsett for slike handlingar, bør det vere ein presumsjon for at vedkomande meiner seg ubunden av avtalen.

Drøftinga av reklamasjonsplikta ved tvang viser også at spørsmålet om når «tvangen er forbi» i avtalelova § 28 andre ledd må gjerast etter ei konkret vurdering. I ein situasjon der offeret for tvangen har brutt ut av ein valdeleg relasjon er det særlege moment som kan gjere seg gjeldande som kan trekke i retning av at tvangen ikkje er forbi sjølv om offeret ikkje lenger bur saman med gjerningspersonen. Denne vurderinga vil logisk henge nært saman med spørsmålet om ei eventuell ventetid før reklamasjon var «grundet». Moment som kan trekkast på er mellom anna om det tidlegare paret har felles barn, om gjerningspersonen er ilagt besøksforbod mot offeret og om han eventuelt har brote dette. I saker for retten bør det kome fram av domspremissa om slike moment var tilstades og blei vurdert.

Som gjennomgangen av dei materielle reglane har vist, vil det å vinne fram med at ein ikkje er avtalerettsleg eller erstatningsrettsleg ansvarleg kreve at saka får ei rettsleg behandling og at riktig rettsleg grunnlag blir påberopt.

Her kjem spørsmålet om fri rettshjelp inn. Etter gjeldande rett har ein ikkje krav på fri rettshjelp for det sivile kravet i saker om BankID-svindel i nære relasjonar. Offeret blir då ståande heit åleine i møte med eit potensielt søksmål frå ein bank som vil krevje inn pengane. Ein konsekvens av at ein anerkjenner at økonomisk vald er ei form for vald i nære relasjonar bør etter mi meining vere at også denne typen vald gir rett på fri rettshjelp, sml. Lov om fri rettshjelp §§ 11 og 16. I motsetning til dei andre typane familievald, som hovudsakeleg har ei strafferettsleg side, vil økonomisk vald ofte ha både ei strafferettsleg og ei sivilrettsleg side utan moglegheit for å avgjere det sivilrettslege kravet som del av straffesaka, jf. straffeprosesslova § 3. Ein rett på fri rettshjelp i saker om økonomisk vald bør derfor omfatte både rett på bistandsadvokat i ei eventuell straffesak mot gjerningspersonen og i offentleg betalt advokat i det sivilrettslege spørsmålet om avtalebinding og erstatning overfor banken. Ein bør ha rett på både fritt rettsråd og fri sakførsel.

Litteraturliste

Bøker og artiklar:

Arnholm, Carl Jacob. 'Alminnelig avtalerett.' 1949. Oslo: Forlaget Johan Grundt Tanum

Dahl, Tove Stang. 'Kvinnerett I.' 1985. Oslo: Universitetsforlaget

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

a. 'Økonomisk overgrep'

https://bufdir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Okonomiske_overgrep/ Henta 19.11.2020

b. 'Kartlegging av vold og trusler' 2020

https://bufdir.no/vold/Krisesenterveileder/Skjemaer_og_maler/Kartlegging_av_vold_og_trusler/ Henta 25.11.2020

c. 'Hva er TryggEst'

https://bufdir.no/vold/TryggEst/Hva_er_tryggest/ Henta 19.11.2020

Fredwall, Kathrine Kjærheim. 'Familieformuerettens korreksjonsmekanismer: Sider ved reglene om indirekte erverv av eiendomsrett, deling og vederlag i ekteskap og samboerskap blant annet vurdert i lys av menneskeretter og empiriske funn.' 2019. PhD, Det juridiske fakultet.

Giertsen, Johan. 'Avtaler.' 2014. Oslo: Universitetsforlaget

Hellum, Anne. 'Women's human rights and legal pluralism in Africa: mixed norms and identities in infertility management in Zimbabwe.' 1998. Mond Books Tano Ashehoug. [Harare] Oslo

Hellum Anne 1997/1998. Legal Advice as Research Method in Norwegian and African Woman's Law i Stor-haug Anne Karin (red.) Festskrift JURKs 25 års jubileum: kvinnerett - før og nå, betydningen av rettshjelpstiltak, rettspolitisk arbeid. Juridisk rådgivning for kvinner Oslo

Hellum, Anne og Kirsten Ketscher (red.). 'Diskriminerings- og likestillingsrett' 2008. Oslo: Universitetsforlaget

Hov, Jo. 'Alminnelig avtalerett.' 2009. Oslo: Papinian

Høgberg, Alf petter og Jørn Øyrehagen Sunde (red). 'Juridisk metode og tenkemåte.' 2019. Oslo: Universitetsforlaget

JURK. 'Økonomisk vold.' 2020 <https://foreninger.uio.no/jurk/brosjyrer/okonomisk-vold.pdf>

Henta 18.11.2020

Kjørven, Marte. 'Det er et stygt hull i forbrukerbeskyttelsen i den nye finansavtaleloven.' 2020. Dagens Næringsliv. <https://www.dn.no/innlegg/jus/privatokonomi/bankid/innlegg-det-er-et-stygt-hull-i-forbrukerbeskyttelsen-i-den-nye-finansavtaleloven/2-1-801264>

Henta 22.11.2020

Kofoed, Herman. 'Ansvar ved misbruk av BankID: Bruk av elektronisk signatur ved avtaleinngåelse om finansielle tjenester.' 2018. Oslo: Det juridiske fakultet
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/66932/591.pdf?sequence=5&isAllowed=y>

Henta 23.11.2020

Nielsen, Ruth og Christina D. Tvarnø (eds). 'Scandinavian Women's law in the 21st century'. 2012. Copenhagen: DJØF Publishing

Strand, Vibeke Blaker. 'Diskrimineringsvern og religionsutøvelse: Hvor langt rekker individvernet?' 2012. 1. utgåve, 1. opplag. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Woxholth, Geir. 'Avtalerett.' 2017. 10. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Wærstad, Tone Linn. 'Protecting Muslim Minority Women's Human Rights at Divorce: Application of the Protection against Discrimination Guarantee in Norwegian Domestic Law, Private International Law and Human Rights Law.' 2017. Baden-Baden: Nomos

Lov- og forarbeidsregister

- | | |
|-----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1918 | Lov om slutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer (avtalelova) |
| 1980 | Lov om fri rettshjelp (rettshjelpslova) |
| 1981 | Lov om rettingssmåten i en straffesak (straffeprosesslova) |
| 1999 | Lov om finansavtaler og finansoppdrag |
| 2005 | Lov om straff (straffelova) |
| 2008 | Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova) |
| 2009 | Lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbud (krisesenterlova) |
| 2019-2020 | Prop. 92 LS (2019-2020) Lov om finansavtaler (finansavtaleloven og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutninger nr. 125/2019 og 130/2019 av 8. mai 2019 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2014/17/EU om kredittavtaler for forbrukere i forbindelse med fast eiendom til boligformål (boliglåndirektivet) og delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1125/2014) |

Rettspraksis:

HR-2020-2021-A

LB-2018-192525

LA-2017-135340

LG-1993-125

19-152096TVI-SARP

Internasjonale rettskilder

CEDAW Convention on the Elimination of All Forms of Discrimination against Women, 18 December 1979.

General recommendation No. 19: Violence against women

General recommendation No. 33: On women's access to justice

General recommendation No. 35: On gender-based violence against women, updating general recommendation No. 19

Rapportar:

Group of Experts on Action against Violence against Women and Domestic Violence

GREVIO) 'Report submitted by Norway pursuant to Article 68, paragraph 1 of the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence (Baseline Report)'

<https://rm.coe.int/grevio-inf-2020-15/16809f9e09>

Henta 24.11.2020